



Møteinkalling

Utvalg: **Breheimen nasjonalparkstyre**

Møtested: Billingen Skjåk

Dato: 22.11.2022

Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 26/22	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 27/22	Behandling av dronesøknader i Breheimen nasjonalpark		2022/11134
ST 28/22	Breheimen nasjonalpark - Glittervatnet - Oppføring av ny Glitterbue - Skjåk allmenning		2022/10149
ST 29/22	Breheimen nasjonalparkstyre - Midlar til drift av nasjonalparkstyret - 2023.		2022/11260
ST 30/22	Breheimen nasjonalparkstyre - Tiltaksmidler - 2023 - Prioritering av tiltak og midler		2022/11260
ST 31/22	Breheimen NP - 2022 - Besøksstrategi - 2. gongs behandling.		2021/2684
ST 32/22	Delegerte vedtak		
DS 23/22	Delegert vedtak - Breheimen NP m.fl. - Dispensasjon - Søk etter storfe ved bruk av drone - Hege Haugen		2022/10075
ST 33/22	Eventuelt		

ST 26/22 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /



Arkivsaksnummer: 2022/11134-1

Saksbehandlar:

Stein Magne Grevrusten

Dato: 10.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	27/22	22.11.2022

Behandling av dronesøknader i Breheimen nasjonalpark

Innstilling frå forvaltar

1. Breheimen nasjonalparkstyre vedtek **Matrise for behandling av søknader om bruk av drone i Breheimen nasjonalpark** som retningsgjevande for behandling av søknader om droneflyging i Breheimen nasjonalpark. Forvaltarane behandler søknader etter delegert fullmakt i tråd med matrisa. Generelt skal ein berre gje løyve der drone er naudsynt for oppdraget og der nytteeffekt er godt dokumentert.

Matrise for behandling av søknader om bruk av drone i Breheimen nasjonalpark		
Type søknad	Behandling	Vilkår ved ja / grunngjeving på avslag
Forsking, natur-dokumentasjon	Ja, men på vilkår	Styre unna sårbarer områder på sårbarer årstider.
Overvakning for samfunnstryggleik	Ja, men på villkår	Styre unna sårbarer områder på sårbarer tider om det ikkje er akutt.
Naturprogram, formidling av verneområda	Ja, men på vilkår	Styre unna sårbarer områder på sårbarer årstider.
Landbruksføremål	Ja, men på vilkår	Styre unna sårbarer områder på sårbarer årstider
Reiselivs-destinasjon, overordna marknadsføring	Ja, men på villkår i område der vi ønsker trafikk. I utgangspunktet nei i andre område.	Ikkje marknadsføre aktivitetar til sårbarer tider i sårbarer områder. Styre unna sårbarer områder på sårbarer tider.
Enkeltbedrift lokalisert i verneområde	Nei, krav om samordna søknad for reiselivsselskap/destinasjonselskap.	Presedensverknad, jf. nml § 10 samla belastning.
Arrangement/konkurransar, promoterings-video	Nei	Presedensverknad, jf. nml § 10 samla belastning.
Aktivitetsfirma tur-dokumentasjon for grupper	Nei	Presedensverknad, jf. nml § 10 samla belastning.
Private turar, film for sosiale media - Facebook, YouTube	Nei	Presedensverknad, jf. nml § 10 samla belastning.
Nyheitsformidling/riksmedia	Ja, men på vilkår	Må vera ein alvorleg situasjon av stor allmenn interesse. Styre unna sårbarer områder på sårbarer tider
Underholdningsprogram	Nei	Presedensverknad, jf. nml § 10 samla belastning.
Spelefilm	Nei	Presedensverknad, jf. nml § 10 samla belastning.

Reklame	Nei	Presedensverknad, jf. nml § 10 samla belastning. Reklame kan vanlegvis leggjast utanom verneområde, eller avgrensast til opptaksformer som ikkje utløyser behov for dispensasjon.
----------------	-----	--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

2. Breheimen nasjonalparkstyre gjev sekretariatet løyve til å nytte drone, eller bestille bruk av drone, når det er naudsynt i forvalningsoppdrag med omsyn til verneverdiane og registrering.

Vedtaket er gjort med heimel i § 3 pkt. 7.3 i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark.

[--- slutt på innstilling ---](#)

Dokument i saka

- Naturmangfaldlova
- Forskrift for Breheimen NP
- Forvaltningsplan verneområda i Breheimen
- Rundskriv om forvaltning av verneområde
- Delegeringsreglement for nasjonalparkstyret

Saksopplysningar

Bruk av drone er forbode i Breheimen nasjonalpark. Bruk av dronar er ikkje omtalt i verneforskriftene for naturreservata og landskapsvernombordet i Breheimen. Bruk av drone er såleis ikkje søknadspliktig i desse områda. Det er likevel ikkje tillate med aktivitetar som skader verneverdiane, som flyging med drone nær villrein eller hekkande fugl.

Stort sett alle verneområda i landet opplever auka tal på førespurnader om bruk av dronar. Førespurnadane omfattar spørsmål om kva reglar som gjeld, om ein må søke i landskapsvernombordet, nasjonalpark m.m. Førespurnadane om bruk av drone i Breheimen kjem hovudsakleg frå private personar i samband med søk etter beitedyr, men det har også vore kontakt med profesjonelle aktørar som vil lage film om aktivitetar i nasjonalparken.

Som nemnt er det fleire nasjonalparkstyre som opplever stor pågang på dronesaker og som har utvikla ein praksis på behandling av søknader dei siste åra. Særleg Jotunheimen har ein stor saksmengd på dette feltet. Tal på dronesøknader i Breheimen kan ikkje samanliknast med Jotunheimen. Det er likevel hensiktsmessig å dra nytte av forvaltningspraksisen i andre nasjonalparkar, og ta eit standpunkt på behandling av dronesøknader med ulike føremål, for å sørge for likebehandling og unngå å skape presedens.

Heimelsgrunnlag

Verneformål – forskrift

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap

utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken m.a. å ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, ta vare på leveområde til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde, vegetasjon og landskap, og å ta vare på kulturminne. Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleveling av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Etter verneforskrift for Breheimen nasjonalpark, er motorferdsel på land, på vann og i lufta under 300 m frå bakken forbode (verneforskriftene § 3 pkt. 6.1), med unntak gjeve i pkt. 6.2 og 6.3.

Bruk av dronar blir ikkje rekna som motorferdsel etter motorferdselslova med forskrifter, og i verneforskrifta blir det lagt til grunn same definisjon av motorferdsel som i motorferdselslova. Forbodet mot lågtflyging i verneområdet gjeld heller ikkje for bruk av dronar.

I forbindelse med bruk av dronar seier § 3 pkt. 7.3 i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark følgande:

- «*Unødig støy er forbode. Bruk av motordrivne modellfly o.l. er forbode. Dette er ikkje til hinder for bruk av motorisert isbor i samband med fiskekultivering».*

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for Breheimen nasjonalpark står det m.a. dette om støy.:

Stillheit har sin eigenart og sin eigenverdi. Målet er å halda unødig støy i verneområda på eit så lågt nivå som mogleg.

Naturen skal få utvikle seg utan å bli påverka av ureining, og folk skal kunne oppleve naturen sine eigne lydar.

Det er også forbod mot unødvendig støy, t.d. motordur i verneområda for å sikre område der naturen sine eigne lydar og stillheit er ein viktig del av naturmiljøet og for folk sin natur- og opplevingsverdi.

Unødig støy er forbode. Det er m.a. forbod mot bruk av motordrivne modellfly og modellbåt i nasjonalparken og i landskapsvernområda. Dette forbodet omfattar også droner.

Om dronebruk knytt til beitenæring – generelt

I brev av 06.03.19 har Miljødirektoratet slik vurdering av dronar i samband med beitenæring:
«*For områder med forbud mot bruk av droner kan det både for tamreindrift, sauensæring, oppsynsvirksomhet mv vurderes å gi dispensasjon etter naturmangfoldloven § 48. De vurderingene som skal gjøres av hjemmelsforhold, naturtilstand, sårbarhet og skjønnsmessige forhold fremgår generelt av Miljødirektoratets "Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter". I tillegg kommer naturligvis en vurdering av miljørettsprinsippene i tråd med Klima- og miljødepartementets sin veileder til naturmangfoldloven kap II.»*

Naturmangfaldlova

Alle løyver må vurderast etter de miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 jf. § 7. I utgangspunktet er slik vurdering berre naudsynt om ein ønsker å gi dispensasjon.

Presedens

Presedens er ikkje aktuell som del av vurderingsgrunnlaget. Det er viktig at nasjonalparkstyret legg opp til ein praksis som ikkje gjev presedens som er skadeleg for verneverdiane.

Vurdering


Droneflyging og motorferdsel er framandelement i norske verneområde og skal haldast på eit minimum. Slik flyging har ulik effekt på verneverdiane og mange dyr og fuglar kan reagere negativt på slik flyging. Bruk av drone vil ofte bli opplevd negativt av brukarar av verneområdet. Derfor bør droneflyging som ein grunnregel bli avgrensa kun til «nyttebruk».

Med bakgrunn i aukande førespurnader på bruk av drone i verneområda i Breheimen, legg nasjonalparkforvaltar fram eit forslag til matrise for behandling av dronesøknader.

Likelydande matrise er nyttig i både Dovrefjell nasjonalparkstyre, Reinheimen nasjonalparkstyre og Jotunheimen-Utladalen nasjonalparkstyre.

Slik § 3 pkt. 7.3 i verneforskrifta er utforma kan heller ikkje nasjonalparkforvaltninga nytte drone utan løyve, sjølv om det gjeld bruk i forvaltningsoppdrag. Drone (for film/foto frå lufta) vil i ein del tilfelle vere nyttig til dokumentasjon og registrering.

Akse



Matrise

Type søknad	Behandling	Vilkår ved ja / grunngjeving på avslag
Forsking, natur-dokumentasjon	Ja, men på vilkår	Styre unna sårbare område på sårbare årstider.
Overvakning for samfunnstryggleik	Ja, men på villkår	Styre unna sårbare område på sårbare tider om det ikkje er akutt.
Naturprogram, formidling av verneområda	Ja, men på vilkår	Styre unna sårbare område på sårbare årstider.
Landbruksføremål	Ja, men på vilkår	Styre unna sårbare område på sårbare årstider
Reiselivs-destinasjon, overordna marknadsføring	Ja, men på villkår i område der vi ønsker trafikk. I utgangspunktet nei i andre område.	Ikkje marknadsføre aktivitetar til sårbare tider i sårbare område. Styre unna sårbare område på sårbare tider.
Enkeltbedrift lokalisert i verneområde	Nei, krav om samordna søknad for reiselivsselskap/destinasjonselskap.	Presedensverknad, jf. nml § 10 samla belastning.
Arrangement/konkurransar, promoterings-video	Nei	Presedensverknad, jf. nml § 10 samla belastning.
Aktivitetsfirma tur-dokumentasjon for grupper	Nei	Presedensverknad, jf. nml § 10 samla belastning.

Private turar , film for sosiale media - Facebook, YouTube	Nei	Presedensverknad, jf. nml § 10 samla belastning.
Nyheitsformidling/ riksmedia	Ja, men på vilkår	Må vera ein alvorleg situasjon av stor allmenn interesse. Styre unna sårbare område på sårbare tider.
Underholdningsprogram	Nei	Presedensverknad, jf. nml § 10 samla belastning.
Spelefilm	Nei	Presedensverknad, jf. nml § 10 samla belastning.
Reklame	Nei	Presedensverknad, jf. nml § 10 samla belastning. Reklame kan leggjast utanom verneområde, eller avgrensast til opptaksformer som ikkje utløyser behov for dispensasjon.



Arkivsaksnummer: 2022/10149-4

Saksbehandlar:

Trygve Snøtun

Dato: 18.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	28/22	22.11.2022

Breheimen nasjonalpark - Glittervatnet - Oppføring av ny Glitterbu - Skjåk allmenning

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å gje Skjåk allmenning avslag på oppføring av ny Glitterbu etter innsendte teikningar, jf. verneforskrift for Breheimen § 3, pkt. 1.3 h).

Styret har veklagt at utforminga av planlagt hytte/bu ikkje er tilpassa eksisterande bygningsmiljø, og slik er med på å endre landskapet, jf. Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen kapittel 3.5. Det gjeld særskilt bruk av fleire vindauge og større takutstikk enn det som er vanleg byggeskikk. Eit løyve til endring av lokal byggetradisjon kan vidare gi uønska presedensverknad overfor andre aktørar i framtida.

[--- slutt på innstilling ---](#)

Dokument i saka

- Søknad om oppføring av ny Glitterbu II frå Skjåk allmenning datert 29.08.2022.
- Uttale frå Kultur – Bygg og landskap i Innlandet fylkeskommune datert 28.09.2022.
- Tidlegare søknad frå Skjåk almenning om riving og oppføring av ny hytte datert 07.07.2016.
- Tidlegare saksutgreiing i Breheimen nasjonalparkstyre, ST 23/17, møtedato 19.06.2017.
- Tidlegare vedtak i Breheimen nasjonalparkstyre, ST 30/17, møtedato 14.09.2017.

Saksopplysningar

Skjåk almenning søker om å få rive Glitterbu ved Glittervatnet og sette opp ny hytte i same området. Bakgrunnen for søknad er at dagens hytte er i relativt dårlig forfatning, utan isolasjon og er ikkje musetett. Omsøkt hytte er planlagt i nær same storleik, same tal sengeplassar og med same funksjon som tidlegare. Skjåk allmenning opnar for å flytte lokasjon for ny hytte med omsyn til villreinen. Då vil den nye hytta vere meir samlokalisert med andre bygningar i området som ligg nærmere Glittervatnet.

Skjåk almenning fekk i 2017 løyve til å rive og bygge oppatt ei moderne arkitektteikna hytte på same plassen som dagens Glitterbu står. Løyve til bygging gjekk ut i 2019. Søknad må såleis handsamast på nytt.



Figur 1: Glitterbue i dag.

Søknaden til Skjåk allmenning:

«Glitterbue er over 100 år gammal, og vart sett opp i samband med tamreindrift i området på tidleg 1900 tal. Den vart restaurert i år 2000 med ny kledning, men det vart ikkje isolert eller lagt nytt golv. Hytta er ikkje musetett, og med manglende isolasjon går det mykje ved – og hytta ber generelt preg av at ho er moden for utskifting, noko som har vore planlagt sidan 2010. Hytta er 26,5 m² stor, og det er 4 sengeplassar i felles oppholdsrom / soverom / kjøkkenkrok, samt eit vindfang med plass til ved og utstyr.

Området rundt Glittervatnet er lett tilgjengeleg for dei fleste, og hytta er brukt mest i forbindelse med fotturar, fiske, villreinjakt og småviltjakt. Hytta ligg tilgjengeleg til utleige for alle på www.inatur.no.

Talet på overnatting har ikkje endra seg mykje dei siste åra sidan førre søknad vart sendt inn. I 2020 var talet på overnattingar 41, og det var 47 overnattingar i 2021. Hytta har vore vinterstengt på den kaldaste årstida dei siste 5-6 år pga. det høge vedforbruket, og dei to siste åra har hytta også vore stengt for reinsjegerar pga. koronarestriksjonar. Den vart opna att for reinsjegerar i 2022.

Tidlegare søknad

Skjåk Almenning søkte i 2016 om å få rive den gamle, og bygge ny hytte på Glittervatnet. Hytta det vart søkt om å få bygge, og det vart gjeve løyve til av Breheimen Nasjonalparkstyre, var arkitektteikna av Bjørn Horten hjå RAM Arkitektur AS. Hytta hadde ei spesiell utforming med bruksareal (BRA) på 29,6 m², og bebygd areal (BYA) på 62,5 m².

Bakgrunn for ny søknad

Løyve til bygging gjaldt ut 2019, og er såleis gått ut. Med bakgrunn i mellom anna auka press på villreinen sine leveområde, og ei noko utsett plassering av hytta midt i eit viktig villreinområde – ynskte Skjåk Almenning likevel ikkje å gå vidare med den tidlegare skisserte hytta då ein forventar at eit slikt byggverk vil auke ferdelsen inn i området. Skjåk Almenning har fleire utleiehytter nær veg, og ei slik spesiell arkitektteikna hytte har vi funne ut at det kan vere betre å plassere i eit område som er mindre konfliktfylt i høve villreinen, og ein vil kunne ta fram att teikninga frå RAM arkitektur når våre andre veggære utleiehytter skal renoverast.

Skjåk Almenning søker nå på nytt om å få løyve til å rive den gamle Glitterbue, og bygge ei ny hytte med atskilleg mindre arkitektonisk uttrykk enn tidlegare omsøkt.

Ny hytte

Den nye hytta er teikna med eit bruksareal (BRA) på 25,6 m². Det er lagt vekt på det praktiske og naudsynte, samt at hytta skal byggast i element som enkelt kan transporterast – for minst mogleg arbeid på staden. Ein ynskjer likevel noko meir ljós inn i hytta, og utsikt for dei som skal vere der. Det blir derfor søkt om noko meir glas enn det som er frå før – men likevel atskilleg mindre enn det vart søkt om førre gong.

Ein ynskjer ei inndeling i hytta med eit lite soverom med plass til 2 enkle køyesenger (totalt 4 sengeplassar), ein gang – og eit felles oppholdsrom med stove og kjøkken (sjå vedlegg 9 for planteikning). I tillegg er det teikna inn ein hems for lagringsplass, over gang og soverom. Oppvarming blir med ein vedomn plassert omrent midt i hytta. Det blir ikkje lagt opp til solcellepanel verken til lading av ymse elektriske apparat eller til ljós.

Fasadar

Utvendig ynskjer vi fasadar med noko meir glas enn det som er i dag, særleg i oppholdsrommet. For å bryte opp glasflatene er det brukt sprosser, og ein har tenkt å bruke glas som reflekterer lite. Det er tenkt vanleg ståande kledning utvending, som vil bli beisa / måla.

Det er lagt ved to alternativ til fasadar på hytta. Alternativ 1 (vedlegg 4 og 5) har fleire glas enn alternativ 2 (vedlegg 6 og 7), men alternativ 1 har noko heva brystningshøgde enn alternativ 2. Vi ynskjer primært å få godkjent alternativ 1.

Vi ynskjer at taket blir dratt litt ut på den sida som inngangen er. Dette av praktiske omsyn, at ein kan få sett frå seg diverse utstyr under tak ute, noko som er eit sakn på alle hyttene våre. Av sikkerheitsmessige orsakar er propandunken tenkt å plasserast ute i ei låsbart skåp på utsida av veggen (ikke påteikna). Totalt utvendig bygd areal (BYA) er 29,9 m².

Plassering / tomt

Vi er opne for å diskutere plassering av hytta. Alternativa slik vi ser det er å bygge på same tomt, eller flytte hytta nærmare Glittervatnet og eksisterande bygningar langs vatnet. Det er om lag 400 meter ein veg for å hente vatn, og med tanke på fiske og bruken av naustet er det kanskje gunstig å flytte hytta nærmare Glittervatnet. Trekket til villreinen vil uansett gå i dette området, og blir kanskje ikkje så påverka om hytta blir ståande der ho er nå, eller flytt nokre meter nærmare vatnet - men ved å flytte ho nærmare vatnet, vil ein i det minste få samla alle bygningane ved Glittervatnet. Dette avheng av om ein finn ei bra tomt med tanke på både stabile grunnforhold, minst mogleg snø om vinteren – samt brukbar utsikt.

Det beste med dagens plassering er den flotte utsikta i alle retningar, samt at snøforholda om vinteren er gunstig med lett åtkomst inn i hytta – og det er ikkje sikkert at ein finn ei ny tomt som er betre enn den i dag.

16. august 2022 var det synfaring i lag med Nasjonalparkforvaltar, SNO og Skjåk kommune for å sjå på alternativ tomt, og det vart GPS registrert 4 ulike punkt der det var greie grunntilhøve (vedlegg 10).

Det er likevel ynskjeleg at desse punkta blir vurdert komande vinter for snømengde før ein gjer eit endeleg val av tomt.

Om det blir aktuelt å flytte hytta, håpar ein at vurderinga rundt eksakt plassering kan gjerast i lag med Nasjonalparkforvaltar.

Utedo

Dei sanitære tilhøva er tenkt å løysast med ein kombinert do og skåle med plass til ved. Utedoen treng ikkje vere større enn 2 m², men ein ynskjer at utedoen er plassert slik som i dag – altså noko vekk frå hytta. Utedoen som er der i dag er plassert om lag 30-40 meter frå hytta, retning nord.

Transport av byggematerial / hytte, søknad om løyve til motorferdsel

Vi søker også om å få transportert inn hytta i element med helikopter frå Botn. Det er vanskeleg å anslå kor mange turar som krevst, men vi er sjølv sagt interessert i at dette skal vere eit minimum både av omsyn til kostnad og miljø. I tillegg må vi søkje om løyve til å rive den gamle hytta, samt transportere ned att material og ting som vi ikkje kan nytte. Denne transporten søker vi om å få løyve til å transportere med snøskuter sjølve, vinteren etter den nye hytta står ferdig (mest sannsynleg vinter/ vår 2024).

Framdriftsplan

Vi håpar å bli ferdig med søknadsprosessen og avklart endelig plassering av ny hytte i løpet vinter/vår 2023. Vi har som mål å få opp ny hytte sommaren 2023, med byggestart så tidleg som råd i høve snøforholda på staden. Å få ei godkjenning på utforminga av hytta er det som hastar mest, for å få engasjert nokon til å bygge den vinteren 2022/2023 (i element), og hente inn anbod på dette.

Det er svært tenleg å ha ei hytte å bu i for dei som skal sette opp ny hytte, samt lagre reiskap / material og møblar, så vi ynskjer ikkje å rive den gamle, før den nye er ferdig.»

Sekretariatet i Breheimen nasjonalparkstyre ba om uttale frå kulturminneavdelinga i Innlandet fylkeskommune. Her er svaret:

«Seksjon for Kulturarv/Innlandet fylkeskommune mottok den 02.09.2022 forespørsel om bygeskikk i forbindelse med riving og gjenoppbygging av Glitterbue.

Viser til innsendte bilder og tegninger. Vi vil oppfordre til å tilnærme seg den opprinnelige Glitterbue i uttrykk. Av de tegningene som er lagt ved er Glitterbue alternativ 2 det som etter vår vurdering passer best inn. Det andre alternativet har for mange vinduer. Vi ønsker oss noe mindre takutstikk da dette ikke passer med de andre byggene i området. Bygningen bør fortsatt se ut som ei bu og ikke ei hytte. Plassering av bua har vi ingen kommentar til da det ikke påvirker kulturminnehensyn i denne saken. Vi råder ellers til å følge retningslinjene i kapittel 3.5 i forvalningsplanen for verneområdene i Breheimen.»

Heimelsgrunnlag

Verneformål – forskrift

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2. Verneføremålet for nasjonalparken:

§ 2. Føremål

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og

villmarksprega naturområde som inneholder særegne, representative økosystem og landskap som er uten tyngre inngrep.

Vidare er føremålet med nasjonalparken å:

- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenart og variert biologisk mangfald
- ta vare på leveområde til villreinstammen i Ottadalen villreinområde
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- ta vare på ein variasjonsrikdom i geologi med særprega geologiske førekommstar, vegetasjon og landskap
- ta vare på grottene i området
- ta vare på kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Utgangspunktet er at nasjonalparken er beskytta mot inngrep av ein kvar art, m.a. oppføring av varige eller mellombelte bygningar (jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.1). I unntaka som følger av forskrifa pkt. 1.3 kan forvaltingsstyresmakta gi løyve til mellom anna:

h) riving av gamle bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk. Søknaden må difor vurderast opp mot dette punktet.

Forvaltningsplan

I retningslinene for forvalting i kapittel 3.5 står det mellom anna:

- Det skal gjerast ei streng vurdering av søknader om byggjeløyve, særleg i nasjonalparken. Stadfesta behov og verknad på verneverdiane skal eventuelt vektleggast.
- Nasjonalparkstyret kan setje vilkår for å sikre at tiltak som det vert gjeve løyve til vert utført med omsyn til verneverdiane.
- All bygning skal tilpassast landskapet, og skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og eksisterande bygningsmiljø. Til vanleg tilrår ein:
 - bruk av kanta ufalsa bord i varierande breidd, ikkje villmarkspanel
 - vindauge med sprosser
 - det skal brukast kledning og tak i materialar, og med fargar som går mest mogleg i eitt med terrenget, gjerne materialar som gjev ein mørk og matt fargeverknad der det høver. Torv, tre og stein/skifer er mest aktuelle materialar til takkledning. I enkelte tilfelle kan bølgjeblekk med nøytral farge som i liten grad reflekter i sola vere aktuelt, også gammal rusta bølgjeblekk.
- Eksisterande terreg og vegetasjon skal bevarast i størst mogleg grad. Utover dei andre retningslinene som er gjevne i kapitla nedanfor tilrår ein at retningsliner i arealdelen til kommuneplanen for den aktuelle kommunen vert følgd.
- Ved handsaming av søknader vert det vurdert om tiltaket medfører auka kapasitet for overnatting, auka ferdslle eller endra bruk av eksisterande bygning. Vidare skal det leggjast vekt på om det vert valt løysingar som gjev minst mogleg transport, og det kan stillast nærmere vilkår om transport og byggematerialar. Det skal stillast klare vilkår til rydding etter byggearbeid/riving, og det skal kontrollerast at desse vilkåra vert følgde.
- Ved søknader om byggeløyve må ein også ha løyve frå kommunen etter plan- og bygningslova. Forenkla prosedyre for byggeløyve etter plan- og bygningslova endrar ikkje kravet til søknad etter verneforskrifta. Alle søknader skal leggjast fram for kulturminnemyndighetene der det er relevant. Søknader som vedkjem

villreininteressene skal leggjast fram for villreinnemnda og villreinutvalet for Reinheimen og Breheimen villreinområde.

I retningsliniene for forvalting i kapittel 3.5.5 står det mellom anna:

- I særskilte høve, og i samråd med søkjar, kan endra plassering og/eller utforming av bygningen vurderast dersom omsynet til verneverdiane tilseier det. Hovudregelen er likevel at bygningen skal stå på den opphavlege staden.

Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. naturmangfaldlova §§ 1 (formål), 4 og 5 (forvaltningsmål for naturtype, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for offentleg avgjerd, jf. §§ 8-12 kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, økosystem og samla belastning, kostnadane ved miljøsvekking skal lastast tiltakshavar, og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar).

Presedens

Det vil i saker om byggjeløyver vere viktig å vurdere presedensverknad på tiltaket. I verneområda i Breheimen er det om lag 200 bygningar, og handsaming av eit enkelttiltak vil kunne påverka korleis liknande saker vil bli handsama i framtida.

Vurdering

Glitterbue ber preg av å vere over hundre år gammal, og ein ønskjer nå ei hytte som er meir praktisk med mindre vedforbruk, og som er isolert og musettet. Planlagt hytte har same storleik som dagens, og vil ha like mange sengeplassar og same bruksområde. Det er frå søkjar si side opna for å flytte ny Glitterbue nærmare Glittervatnet for å samlokalisere bygningar i området meir.

Riving av eksisterande Glitterbu:

Dagens Glitterbu er over 100 år gammal. Sist det vart gjort endringar på hytta var i år 2000, då ny ytterkledning vart sett opp. Hytta er 26,5 m² stor med sengeplass til 4 personar. Historikken rundt bruken av bua er godt dokumentert. Skjåk tamreinlag brukte hytta frå ho var ny. Sidan det vart sett fisk i Glittervatnet vart ho i tillegg brukt av fiskarar. Etter at tamreindrifta vart nedlagt på midten av 1960-talet har Skjåk almenning brukt bua. Brukargruppene er i dag, som frå starten, fiskarar og jegerar under villreinjakt og rypejakt om hausten. Enkelte friluftslivsfolk leiger hytta for rekreasjon, særleg barnefamiliar sidan det er overkommeleg å gå frå bilveg i Botn og inn til hytta. Allmenninga leiger nå bua ut til ålmenta likt med andre buer dei har i skog og fjell. Vi viser til bruksfrekvensen over i utleigedøgn i søknaden over.

I samband med førre søknad i 2016 hadde kulturminneavdelinga i Oppland fylkeskommune ei vurdering av kulturminneverdien på Glitterbue:

«Kulturarvenheten har vurdert saken og vurderer at det ikke vil være behov for ytterligere tillatelse og befaring av fylkeskommunen for tiltaket. Kulturarvenheten vurderer eksisterende hytte bærer preg av oppdatert materialbruk og fornyelse, og den antikvariske verneverdien anses for å være redusert. I denne saken er de landskapsmessige og bruksmessige verneverdiene vel så viktige, om enn ikke meir viktige. Det er viktig at en eventuelt ny hytte tilpasses terrenget på best mulig måte og gjennom materialbruk og uttrykk innpasser seg.»

I uttale frå Innlandet fylkeskommune i denne søknadsrunden er ikkje vektlagt at det er noko særskilt verneverdig bygg, anna enn at eit nytt bygg bør tilnærme seg opprinnelige bygg i uttrykk. Basert på tilbakemeldingar frå kulturminneforvaltinga ser ikkje nasjonalparkforvaltar at det er problematisk å rive eksisterande Glitterbue.

Flytting av Glitterbu:

I søknaden er Skjåk allmenning interessert i å diskutere plassering av ny hytte. Dette er det opning for i Forvaltingsplanen for verneområda i Breheimen, jf. kapittel 3.5.5. Hytta ligg i dag litt for seg sjølv kring 400 meter frå Glittervatnet. Heile området er mykje brukt av villrein, og det er noko usikkert om å flytte hytta nærmare dei andre bygningane har stor effekt. Likevel vil det normalt vere ein fordel å få samle buer i området på ein plass, då ein samlar menneskeleg aktivitet på eit mindre område (uttalelse frå Villreinennemnda). 16.august 2022 var det synfaring saman med nasjonalparkforvaltar, SNO, Skjåk kommune og Skjåk almenning for å sjå på alternativ tomt. 4 aktuelle område nærmare Glittervatnet vart funne (sjå vedlagt kart under). Skjåk allmenning ønskjer at dei aktuelle områda blir vurdert i vinter med tanke på snømengde før eit endeleg val. Om det er aktuelt å flytte bua, vil ein finne eksakt plassering saman med nasjonalparkforvaltar. Kulturminneforvaltinga har ikkje noko merknader på aktuelle nye plasseringar.

Glitterbue med alternative plasseringar

Markslag (AR5) 7 klasser



Figur 2: Alternative plasseringar av eventuelt ny bu.


Nasjonalparkforvaltar støttar forslaget om å flytte Glitterbue nærmare dei andre bygningane i området dersom ny hytte skal byggast, altså nærmare Glittervatnet. Dette vil samle menneskeleg aktivitet og påverknad på landskapet til eit mindre område. Bygga som ligg lengst nordvest er naust, medan buer og hytter ligg lenger søraust. Nasjonalparkforvaltar

meiner difor at lokasjon 2, 3 og 4 vil vere dei best eigna tomtene med tanke på å samle aktivitetsområdet for brukarane.


Utforming på ny Glitterbue:

Hytta/bua er planlagt i om lag same storlek som eksisterande, BRA 25,6 m² og BYA 29,9 m². Mønehøgde er 370 cm med takvinkel på 25 grader. Hytta skal ha eit lite soverom med 4 sengeplassar, ein gang og opphaltsrom med stove og kjøken. Hems er planlagt over gang og soverom. Oppvarming er planlagt med vedomn. Hytta er ønskja bygd i element for enkel transport og mindre arbeid på staden. I tillegg er det planlagt ein utedo/vedskåle på 2 m² 30-40 meter frå sjølve hytta, på same måte som i dag.

I uttalen frå Seksjon for kulturarv/Innlandet fylkeskommune blir ein oppfordra til å tilnærme seg den opphavelege Glitterbue i uttrykk, og at bygninga forsatt bør sjå ut som ei bu og ikkje ei hytte. Dei viser vidare til retningslinene i forvaltingsplanen for verneområda i Breheimen. Dei største forskjellane er kor stor vindusoverflate det skal vere og takutstikk. Alternativ 2 har færre glas enn alternativ 1, men bua/hytta vil likevel skilje seg frå resten av bygningane ved Glittervatnet. Eit lenger takutstikk vil også gjere at ein får ein «hyttefølelse».



Figur 3: Alternativ 1.



Figur 4: Alternativ 2.

I søknad er det ikkje sagt korleis grunnarbeid skal utførast, kva material som er planlagt brukt som grunnmur eller kor høg grunnmuren kjem til å vere. Dette vil naturleg nok bli påverka av terrenget, men det må ved eventuell bygging vere vilkår om korleis dette skal utførast for at ny bygning skal passe inn med eksisterande bygningsmiljø.

Skjåk allmenning ønskjer å få meir lys/meir glas særleg i opphaldsrommet, men vil bryte opp glasflatene med sprosser og nytte glas med lite refleksjon for å avbøte på dette. Vidare er det ønskje om å dra taket ekstra langt ut over inngangspartiet av praktiske årsaker.

Nasjonalparkforvaltar meiner det er opning i verneforskrifta til å erstatte dagens Glitterbue med nært tilsvarende bygg. Sidan storleik, sengeplassar og planlagt bruk ikkje er planlagt endra vil det kunne vere mogleg. Utfordringa er korleis utforminga av ny bu/hytte skal vere. Nasjonalparkforvaltar ser fordelar med meir vindauge og lengre takutstikk, men meinar dette vil vere i strid med lokal byggeskikk og eksisterande bygningsmiljø, jf. retningslinene i forvaltingsplan for Breheimen, kapittel 3.5. Vidare påpeikar fylkeskommunen at eit nytt bygg fortsatt på ha eit uttrykk som ei bu. Å opne for at eksisterande buer blir meir liknande hytter med større vindauger og anna utforming enn opphaveleg, vil kunne gje presedens for tilsvarende saker i andre bygg i verneområda. Nasjonalparkforvaltar meiner difor at utforming av planlagt Glitterbu ikkje bør godkjennast.


Villrein:

For villrein er det helst bruken av hytta og området som er problematisk, ikkje plassering og storleik, jf. uttale frå villreinnemnda. Meir utleige vil føre til meir uroing av villrein.

Villreinnemnda poengterer at overnattingskapasiteten ikkje blir auka og at ein kan unngå forstyrring gjennom å sette vilkår om stenging i sårbare periodar som kalving eller om vinterbeite er nedisa.

Det er usikkert om det har stor effekt på villrein å flytte Glitterbue nærmare vatnet, men generelt vil det vere positivt å samle menneskeleg aktivitet på eit mindre område, og villreinnemnda tilrår dette.

Størst effekt for minimere uroing av villrein er opningstidene til Glitterbue. Særskilt sårbar er villreinen på seinvinter og vår. Villreinnemnda føresler difor at bua blir stengt for kommersiell verksemd (gjeld ikkje forvaltingsoppgåver) i kalvingsperioden og månaden før kalving (1.april – 15.juni). I tillegg bør hytta kunne stengast på kort varsel vinterstid om det er villrein i området.



Figur 5: Kartet syner kalvings- og oppvekstområda kring Glittervatnet.

Presedens:

Riving og oppattbygging av ny Glitterbue vil ikkje ha noko negativ presedensverknad i seg sjølv. Når det gjeld å flytte Glitterbue til ei ny tomt er det ikkje problematisk for kulturminnevern. For verneforvaltinga og villreininteressene er det heller positivt at bygningar i verneområdet er mest mogleg samla, noko som også samlar menneskelig aktivitet. Difor vil ikkje flytting ha ein negativ presedens.

Utforminga på den planlagte bua/hytta kan derimot ha negativ presedensverknad, særskilt med større glasflater og takutstikk som ikkje er vanleg byggeskikk i området. Dette kan føre til fleire saker der ein ønskjer å endre uttrykket på bygg og dermed endre tradisjonell byggeskikk i verneområda i Breheimen.

Naturmangfoldlova §§ 8 til 12:

Tiltaket må vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (§ 7). Kunnskapen om verneverdiane i området er gode og det har vore dialog med kulturminneforvaltinga i fylkeskommunen og villreinnemnda for Reinheimen- Breheimen villreindistrikt (jf. naturmangfaldlova § 8). Tiltaket vil isolert sett ha liten effekt på naturlandskapet. Riving og oppattbygging av nær like stort bygg med same sengekapasitet og same bruk vil ikkje endre naturmiljøet. Om det blir bygd oppatt nærmere Glittervatnet i til det gi meir samlokalisering av bygg, som er positivt for verneområdet. Ein auka bruk av området særleg på seinvinteren og våren (kalvingstida for villrein) vil kunne uroe villrein. Dette kan regulerast gjennom vilkårsetting om stenging i sårbare tider for villreinen. Planlagt hytte/bu har meir glasflater og større takutstikk enn eksisterande bygningsmiljø. Det kan vere fare for uønska presedens for endring av tradisjonell byggeskikk. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 tilseier at ein skal ha ein streng praksis når det gjeld bygging i nasjonalparken. Sjølv om tiltaket isolert sett i liten grad vil påverke natur- og kulturlandskapet, må den einskilde søknaden likevel vurderast i ljós av prinsippet om samla belastning, jf. naturmangfaldlova § 10. Det vil seie at ein må vurdere om løyvet vil kunne skape presedens og såleis kunne bidra til ei gradvis svekking av området og utholing av verneforskrifta. Forvaltingsplanen seier det skal gjerast ei streng vurdering av søknader om byggjeløyve, særleg i nasjonalparken. Vidare står det at all bygging skal tilpassast landskapet, og skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og eksisterande bygningsmiljø. Nasjonalparkforvaltar meiner at auka bruk av glasruter og større takutstikk stirr mot lokal byggeskikk og at Skjåk allmenning bør endre utforminga av bygget til å likne meir på ei bu som den tidlegare var. Særskilt er det vurdert at eit løyve kan gi uønska presedens. Nytt bygg er planlagt som elementbygg som gir enkel transport av helikopter og lite arbeid på staden, jf. nml. § 12. § 11 om at «kostnadene ved miljøforringing skal bæres av tiltakshavar» er ikkje relevant for denne saka.

Konklusjon:

Etter ei samla vurdering meiner nasjonalparkforvaltar at planlagt utforming av ny Glitterbue ikkje vil følgje lokal byggetradisjon og slik kunne endre landskapet. Vidare vil det vere fare for uønska presedensverknad overfor andre aktørar i Breheimen i framtida. Dette legg forvaltar vekt på i forslag til innstilling. At eksisterande bu kan rivast og at det blir sett opp ny med same storleik, sengeplassar og til same bruk, kan ikkje nasjonalparkforvaltar sjå noko problem med. Heller ikkje at ei ny Glitterbue blir flytta nærmere eksisterande bygningsmasse ved Glittervatnet.

Utfordringa er at planlagt bygg er planlagt meir som ei hytte med større glasflater og lengre takutstikk enn det lokal byggetradisjon tilseier. Dette kan endre inntrykket av plassen og kan føre til at fleire vil sökje om same utforming, og at det på sikt endrar byggeskikken i verneområda.

På bakgrunn av dette innstiller forvaltar på avslag på søknad om oppføring av ny Glitterbue etter gjeldande teikningar.

Breheimen Nasjonalparkstyre
Postboks 987
2604 Lillehammer

Søknad om oppføring av ny Glitterbu II



Eksisterande Glitterbu sett frå aust, med Skridulaupen i bakgrunn.

Det blir vist til tidlegare søknad frå Skjåk Almenning, dagsett 07.07.2016 (vedlegg 1), samt tidlegare saksutgreiing i Breheimen Nasjonalparkstyret, ST 23/17, møtedato 19.06.2017 (vedlegg 2), og vedtak i ST 30/2017, møtedato 14.09.2017 (vedlegg 3).

Glitterbue, kort historikk og bruk

Glitterbue er over 100 år gammal, og vart sett opp i samband med tamreindrift i området på tidleg 1900 tal. Den vart restaurert i år 2000 med ny kledning, men det vart ikkje isolert eller lagt nytt golv. Hytta er ikkje musetett, og med manglende isolasjon går det mykje ved – og hytta ber generelt preg av at ho er moden for utskifting, noko som har vore planlagt sidan 2010. Hytta er 26,5 m² stor, og det er 4 sengeplassar i felles oppholdsrom / soverom / kjøkkenkrok, samt eit vindfang med plass til ved og utstyr.

Området rundt Glittervatnet er lett tilgjengeleg for dei fleste, og hytta er brukt mest i forbindelse med fotturar, fiske, villreinjakt og småviltjakt. Hytta ligg tilgjengeleg til utelege for alle på www.inatur.no.

Talet på overnatting har ikkje endra seg mykje dei siste åra sidan førre søknad vart sendt inn. I 2020 var talet på overnattingar 41, og det var 47 overnattingar i 2021. Hytta har vore vinterstengt på den kaldaste årstida dei siste 5-6 år pga. det høge vedforbruket, og dei to siste åra har hytta også vore stengt for reinsjegerar pga. koronarestriksjonar. Den vart opna att for reinsjegerar i 2022.

Tidlegare søknad

Skjåk Almenning søkte i 2016 om å få rive den gamle, og bygge ny hytte på Glittervatnet. Hytta det vart søkt om å få bygge, og det vart gjeve løyve til av Breheimen Nasjonalparkstyre, var arkitektteikna av Bjørn Horten hjå RAM Arkitektur AS. Hytta hadde ei spesiell utforming med bruksareal (BRA) på 29,6 m², og bebygd areal (BYA) på 62,5 m².

Bakgrunn for ny søknad

Løyve til bygging gjaldt ut 2019, og er såleis gått ut.

Med bakgrunn i mellom anna auka press på villreinen sine leveområde, og ei noko utsett plassering av hytta midt i eit viktig villreinområde – ynskte Skjåk Almenning likevel ikkje å gå vidare med den tidlegare skisserte hytta då ein forventar at eit slikt byggverk vil auke ferdselet inn i området. Skjåk Almenning har fleire utelegehütter nær veg, og ei slik spesiell arkitektteikna hytte har vi funne ut at det kan vere betre å plassere i eit område som er mindre konfliktfylt i høve villreinen, og ein vil kunne ta fram att teikninga frå RAM arkitektur når våre andre vegenære utelegehütter skal renoverast.

Skjåk Almenning søker nå på nytt om å få løyve til å rive den gamle Glitterbue, og bygge ei ny hytte med atskilleg mindre arkitektonisk uttrykk enn tidlegare omsøkt.

Ny hytte

Den nye hytta er teikna med eit bruksareal (BRA) på 25,6 m². Det er lagt vekt på det praktiske og naudsynte, samt at hytta skal byggast i element som enkelt kan transporteras – for minst mogleg arbeid på staden. Ein ynskjer likevel noko meir ljós inn i hytta, og utsikt for dei som skal vere der. Det blir derfor søkt om noko meir glas enn det som er frå før – men likevel atskilleg mindre enn det vart søkt om førre gong.

Ein ynskjer ei inndeling i hytta med eit lite soverom med plass til 2 enkle køyesenger (totalt 4 sengeplassar), ein gang – og eit felles oppholdsrom med stove og kjøkken (sjå vedlegg 9 for planteikning). I tillegg er det teikna inn ein hems for lagringsplass, over gang og soverom.

Oppvarming blir med ein vedomn plassert omrent midt i hytta. Det blir ikkje lagt opp til solcellepanel verken til lading av ymse elektriske apparat eller til ljós.

Fasadar

Utvendig ynskjer vi fasadar med noko meir glas enn det som er i dag, særleg i oppholdsrommet. For å bryte opp glasflatene er det brukt sprosser, og ein har tenkt å bruke glas som reflekterer lite. Det er tenkt vanleg ståande kledning utvending, som vil bli beisa / måla.

Det er lagt ved to alternativ til fasadar på hytta.

Alternativ 1 (vedlegg 4 og 5) har fleire glas enn alternativ 2 (vedlegg 6 og 7), men alternativ 1 har noko heva brystningshøgde enn alternativ 2. Vi ynskjer primært å få godkjent alternativ 1.

Vi ynskjer at taket blir dratt litt ut på den sida som inngangen er. Dette av praktiske omsyn, at ein kan få sett frå seg diverse utstyr under tak ute, noko som er eit sakn på alle hyttene våre.

Av sikkerheitsmessige orsakar er propandunken tenkt å plasserast ute i ei låsbart skåp på utsida av veggen (ikkje påteikna).

Totalt utvendig bygd areal (BYA) er 29,9 m².

Plassering / tomt

Vi er opne for å diskutere plassering av hytta.

Alternativa slik vi ser det er å bygge på same tomt, eller flytte hytta nærmare Glittervatnet og eksisterande bygningar langs vatnet.

Det er om lag 400 meter ein veg for å hente vatn, og med tanke på fiske og bruken av naustet er det kanskje gunstig å flytte hytta nærmare Glittervatnet. Trekket til villreinen vil uansett gå i dette området, og blir kanskje ikkje så påverka om hytta blir ståande der ho er nå, eller flytt nokre meter nærmare vatnet - men ved å flytte ho nærmare vatnet, vil ein i det minste få samla alle bygninga ved Glittervatnet. Dette avheng av om ein finn ei bra tomt med tanke på både stabile grunnforhold, minst mogleg snø om vinteren – samt brukbar utsikt.

Det beste med dagens plassering er den flotte utsikta i alle retningar, samt at snøforholda om vinteren er gunstig med lett åtkomst inn i hytta – og det er ikkje sikkert at ein finn ei ny tomt som er betre enn den i dag.

16. august 2022 var det synfaring i lag med Nasjonalparkforvaltar, SNO og Skjåk kommune for å sjå på alternativ tomt, og det vart GPS registrert 4 ulike punkt der det var greie grunntilhøve (vedlegg 10).

Det er likevel ynskjeleg at desse punkta blir vurdert komande vinter for snømengde før ein gjer eit endeleg val av tomt.

Om det blir aktuelt å flytte hytta, håpar ein at vurderinga rundt eksakt plassering kan gjerast i lag med Nasjonalparkforvaltar.

Utedo

Dei sanitære tilhøva er tenkt å løysast med ein kombinert do og skåle med plass til ved. Utedoen treng ikkje vere større enn 2 m², men ein ynskjer at utedoen er plassert slik som i dag – altså noko vekk frå hytta. Utedoen som er der i dag er plassert om lag 30-40 meter frå hytta, retning nord.

Transport av byggematerial / hytte, søknad om løyve til motorferdsel

Vi søker også om å få transportert inn hytta i element med helikopter frå Botn. Det er vanskeleg å anslå kor mange turar som krevst, men vi er sjølv sagt interessert i at dette skal vere eit minimum både av omsyn til kostnad og miljø. I tillegg må vi søke om løyve til å rive den gamle hytta, samt transportere ned att material og ting som vi ikkje kan nytte. Denne transporten søker vi om å få løyve til å transportere med snøskuter sjølve, vinteren etter den nye hytta står ferdig (mest sannsynleg vinter / vår 2024).

Framdriftsplan

Vi håper å bli ferdig med søknadsprosessen og avklart endeleg plassering av ny hytte i løpet vinter/vår 2023. Vi har som mål å få opp ny hytte sommaren 2023, med byggestart så tidleg som råd i høve snøforholda på staden. Å få ei godkjenning på utforminga av hytta er det som hastar mest, for å få engasjert nokon til å bygge den vinteren 2022/2023 (i element), og hente inn anbod på dette.

Det er svært tenleg å ha ei hytte å bu i for dei som skal sette opp ny hytte, samt lagre reiskap / material og møblar, så vi ynskjer ikkje å rive den gamle, før den nye er ferdig.

Dersom det er spørsmål til søknaden så ta kontakt.

Bismo, 29. august 2022

Med helsing

Birgit Bilstad
Skjåk Almenning

Vedlegg

1. Søknad om oppføring av Glitterbue frå Skjåk Almenning dagsett 7/7-2016
2. Saksutgreiing i Breheimen Nasjonalparkstyret, ST 23/17
3. Endeleg vedtak i Breheimen Nasjonalparkstyret, ST 30/17
4. Teikning NORDPLAN FASADAR 1:50 Alternativ 1
5. Teikning NORDPLAN GLITTERBUE 3D Alternativ 1
6. Teikning NORDPLAN FASADAR 1:50 Alternativ 2
7. Teikning NORDPLAN GLITTERBUE 3D Alternativ 2
8. Teikning NORDPLAN SNITT 1:50
9. Teikning NORDPLAN PLAN 1:50
10. Kart over området med aktuelle nye plasseringar

From: Bilstad, Birgit[birgit@skjak-almenning.no]
Sent: 29.08.2022 09:38:41
To: Grevrusten, Stein Magne[fmopsmg@statsforvalteren.no]
Subject: Søknad om oppføring av ny Glitterbu
Hei!
Vedlagt søknad om oppføring av ny Glitterbu med 10 vedlegg.

Ta kontakt med underteikna eller Jo Trygve Lyngved dersom det er spørsmål.

Beste helsing

Birgit Bilstad
Skjåk Almenning

Telefon: 61 21 39 00 / 976 05 329
E-post: birgit@skjak-almenning.no

[Heimeside](#) | [Facebook](#)



Industrivegen 10
2690 Skjåk

Nasjonalparkstyret i Breheimen
Fylkesmannen i Oppland
Postboks 987
2626 Lillehammer

Søknad om oppføring av ny Glitterbu



Eksisterande Glitterbu sett frå aust, med Skridulaupen og Glittervatnet i bakgrunn.

Det blir vist til tidlegare søknad dagsett 31.10.2014 fra Skjåk Almenning og dykker brev dagsett 11.12.2014 med arkivkode 2014/7271 - 432.3

Dagens bruk

Glitterbue er prega av tidens tann og står no for tur for omfattende restaurering. Bua vart sett opp i samband med tamreindrifta til Skjåk Tamreinlag. I boka til T. Hesthagen (Fiske og fiskekultivering i Skjåk, 2001) står det at dei fyrtre fiskarane på Glittervatnet budde i denne bua fire år etter fyrtre utsetjinga av fisk i 1916. Ein kan nokså sikkert seie at bua er eldre enn 100 år.

Før den vart restaurert i 2000 var dette berre ei enkel bordhytte der snøen dreiv inn gjennom opne sprikkar. I 2000 vart det ny utvendig bordkledning, men den vart ikkje isolert og det vart heller ikkje gjort noko med golvet. Dette gjer sitt til at forbruket av ved er høgt.
Hytta er meir eller mindre kvadratisk med eit areal på 26,5 m², 4 sengeplassar og ekstra madrassar. Det er kombinert oppholdsrom og soverom i hytta, i tillegg til eit vindfang med ved og utstyr.
Innvendig ber den preg av alder, og med små og få glas verkar den litt «tung».

Glitterbue ligg slik til at det er ein lett tur for dei aller fleste om sommaren. Frå Botn sæter er det 3 km og høgdeskilnaden er på litt over 400 høgdemeter, noko som gjer at bua og området rundt er godt tilgjengeleg for alle aldersgrupper. Om vinteren er det noko lengre sidan det ikkje er vinterbrøytt til Botn sæter. Hytta passar best til bruk vår, sommar og tidleg haust. Pga. manglande isolasjon er ikkje hytta eigna for bruk i vinterhalvåret.

Hytta blir brukt av fiskarar, turgårarar og jegerar i alle aldrar. Almenninga har naust ved Glittervatnet slik at dei som leiger hytta kan låne båt og fiskegarn om dei vil. Hytta ligg svært sentralt til for dei skal jakte rein og småvilt. Glitterbue er nok den mest populære hytta blant småviltjegerar. Den er også eit glimrande utgangspunkt for fjellturar i området, sommar som vinter. Alle hyttene til Skjåk Almenning er ope for allmenta, og kan leigast på www.inatur.no eller ved å kontakte Skjåk Almenning direkte. Dei ligg også ute på friluftsportalen www.ut.no.

Utleigedøgn for Glitterbue (i tillegg kjem overnattingar i reinsjakta da den står open for alle).

2012:	20 utleigedøgn
2013:	47 utleigedøgn
2014:	57 utleigedøgn
2015:	45 utleigedøgn



Glitterbue ligg i austre enden av Glittervatnet, om lag 3 km frå veg om sommaren. 8 km om vinteren.

Ein ser at utleigedøgna på utleigehyttene har auka dei siste åra, noko som tydar på at fleire vil bruke nasjonalparken. Det enkle friluftslivet appellerar til stadig fleire. Ein ser også ei heilt markert auking i talet på brukarar frå andre land.

Uttrykk/eksteriør

Glitterbue ligg fantastisk til med flott natur og spektakulær utsikt i alle retningar, særleg mot Skridulaupen i vest og Reinheimen i aust. I tillegg er det som nemnt enkel tilkomst, sentralt utgangspunkt for jakt og eiga naust med båt og garn.

Hytta er teikna med spennande og utfordrande arkitektur. Uttrykket er spesielt og ein har lagt vekt på å forsterke naturinntrykket med større glasflater. Dette skal vera ei bu som er både praktisk, kompakt, moderne og tilpassa landskapet. Samstundes skal den vera så spesiell at den vekkjer merksemnd.

Interiør og materialbruk.

Så langt det lar seg gjera skal hytta byggjast i naturlege og miljøvennlege materialar. Det vil seie lokale råvarer, og helst i tre. Interiør og løysing innvendig er ikkje endeleg bestemt. Romdelinga er likevel endeleg med to rom, ein «kald» gang der ved og anna utstyr kan lagrast og eitt oppholdsrom. Talet på sengeplassar skal i utgangspunktet ikkje utvidast, men det bør vere sengeplass til ein familie i hytta.

Utvendig skal det vera 100% malmfurru frå eigen skog, vidareforedla ved Skjåk Trelast AS. Om den skal behandlast eller ikkje er det ikkje teke stilling til enda. Glasa skal vera matte og ikkje-refleksjoner. Pipa og deler av veggen mot aust skal forblendast med naturstein. Konstruksjonsmessig kan den byggjast i element eller massivtre.

Bruksarealet er sett til 29,6 m² (BRA), medan bebygd areal er 62,5 m² (BYA). Gangen er på 6,6 m², medan oppholdsrommer er på 22,2 m².

Dersom det er spørsmål omkring søknaden så ta kontakt.

Bismo, 7. juli 2016
Med helsing

Jo Trygve Lyngved
Almenningsstyrar

Vedlegg
1. Teikning 1:100 frå RAM Arkitektur v/ Bjørn Horten

Arkivsaksnr: 2016/4787-8

Sakshandsamar: Bjørn Dalen

Dato: 30.05.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	23/17	19.06.2017

Sak - 2. gongs handsaming - Breheimen nasjonalpark - Riving av gamle Glitterbu og bygging av ny bu - Skjåk Almenning.

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 19.06.2017

Vedtak

Saka vart utsett på nytt. Styret ynskjer ei breiare utgreiing av saka i møtet i oktober 2017. Samrøystes.

Ny innstilling frå forvaltar:

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek og gje Skjåk Almenning, 2690 SKJÅK, løyve til og rive den gamle Glitterbua, og byggje ny bu på same stad på Haraldvangsflya i Breheimen nasjonalpark. Løyvet er gjeve på visse vilkår:

Vedtaket er fatta med heimel i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark, § 3 pkt. 1,3 bokstav h og § 4, jf. naturmangfaldlova § 48.

Vilkår

- Grunnflata på ny bu skal ikkje overstige 62,5 m² (BYA).
- Bruksarealet skal ikkje overstige 29,6 m² (BRA).
- Mønehøgda frå sole til toppen av mønet må ikkje overstige 3,70 meter.
- Takvinkel skal vere 15 grader.
- Det skal monterast refleksfrie vindauge.
- Det skal brukast kledning og tak i materialar og med fargar som harmonerer med terrenget rundt.
- All material som blir til overs, byggavfall, og utstyr/restar frå det gamle bygget skal frakast ut av verneområdet etter ferdigstilling av nytt bygg. Dette gjeld ikkje materialrestar av reint treverk som kan brukast til ved.
- Bygget skal ferdigstillast innan år 2019.
- Det kan vera inntil 4 faste sengeplassar i hytta.
- Glitterbua skal vera stengt i perioden 1.februar – 15. juni kvart år, for å unngå forstyrring av villreinen i den mest sårbare perioden i året.
- SNO v/ Øyvind Angard, tlf.91 73 33 65, skal kontrollere bygget etter at det er ferdig.

Vi gjer merksam på at søker må ha løyve frå grunneigar og kommunen når det gjeld byggjeløyve, og nasjonalparkstyret og kommunen om ekstra løyve til å frakte inn

bygningsmateriell og bygningsavfall ut av området.

Bakgrunn

Grunnen til at saka vart utsett var at nasjonalparkstyret ville ha eit meir konkret og forutsigbart opplegg med omsyn til villreinen i området.

Vilkåret i innstilling frå forvaltar under 1. gongs handsaming var:

- *Bua skal stengast i perioder på ettermåltidet og våren når reinen held til i området. Det blir ikkje sett noko spesielt tidsrom sidan dette kan variere. Det må vera god dialog med villreinovervakninga (SNO lokalt/sekretær i villreinutvalet) om dette.*

Nye saksopplysningar

Etter styremøte kalla naturforvaltaren inn til møte sekretærane Knut Granum i Reinheimen-Breheimen villreinutval og Tor Taraldsrud i Reinheimen-Breheimen villreinnemnd, samt Birgit Bilstad frå Skjåk Almenning. Møtet var halde på Skjåk almenning 30.mai. Under møtet diskuterte ein fleire alternativ. Ein vurderte og på ny det alternativet som var fremja under fyrste gongs handsaming av saka, med ei vurdering av stenging når det er villrein i området. Ein kom fram til at det var enklast for forvaltninga å halde seg til stenging av bua i ei fast årleg periode.

Vurdering

Bakgrunnen for vurderinga var:

- problematisk å ha vurdering av stenging i kvart enkelt tilfelle som regel, også for utleiga sin del.
- ei periode for stenging må omfatte tida på året når villreinen er mest sårbar for forstyrring.
- i sumarhalvåret brukar villreinen heile området og lar seg ikke så lett forstyrre.

Konklusjon: Hytta skal vera stengt i perioden 1.februar – 15.juni kvart år.

Nytt forslag til innstilling er:

- *Glitterbua skal vera stengt i perioden 1.februar – 15. juni kvart år, for å unngå forstyrring av villreinen i den mest sårbare perioden i året.*

Nasjonalparkforvaltaren meiner at det nye vilkåret er meir presist enn i det fyrste framleggjet. Det vil fange opp den mest sårbare perioden for villreinen. Endring i vilkår vil ikkje endre forholdet til bruk av §4 jf. §48 i naturmangfaldlova. Nasjonalparkforvaltaren meiner at ut ifrå ei samla vurdering vil ikkje tiltaket verken stri mot føremålet med vernevedtaket eller vil påverke verneverdiane nemnande. Det vil heller ikkje endre forholdet til dei miljørettslege prinsippa som er vurdert. Kunnskapsgrunnlaget er godt og ein veit kva som er sårbart og må takast omsyn til i forhold til villreinen. Det er ingen endring som gjer at ein bør ta i bruk føre-var-prinsippet. Konklusjonen er at tiltaket kan gjennomførast.

Tidlegare sak 15/2017 – Handsama 05.05.2017

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 05.05.2017

Vedtak

Saka vart utsett til neste møte i juni 2017.

Birgit Bilstad melde seg ugild under handsaming av saka.

Forvaltar si innstilling:

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek og gje Skjåk Almenning, 2690 SKJÅK, løyve til og rive den gamle Glitterbua, og byggje ny bu på same stad på Haraldvangsflya i Breheimen nasjonalpark. Løyvet er gjeve på visse vilkår:
Vedtaket er fatta med heimel i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark, § 3 pkt. 1,3 bokstav h og § 4, jf. naturmangfaldlova § 48.

Vilkår

- Grunnflata på ny bu skal ikkje overstige 62,5 m² (BYA).
- Bruksarealet skal ikkje overstige 29,6 m² (BRA)
- Mønehøgda frå sole til toppen av mønet må ikkje overstige 3,70 meter.
- Takvinkel skal vere 15 grader.
- Det skal monterast refleksfrie vindauge.
- Det skal brukast kledning og tak i materialar og med fargar som harmonerer med terrenget rundt.
- All material som blir til overs, byggavfall, og utstyr/restar frå det gamle bygget skal frakast ut av verneområdet etter ferdigstilling av nytt bygg. Dette gjeld ikkje materialrestar av reint treverk som kan brukast til ved.

Bygget skal ferdigstillast innan år 2019.

- Det kan vera inntil 4 faste sengeplassar i hytta.
- Bua skal stengast i perioder på ettermiddagen og våren når reinen held til i området. Det blir ikkje sett noko spesielt tidsrom sidan dette kan variere. Det må vera god dialog med villreinovervakninga (SNO lokalt/sekretær i villreinutvalet) om dette.
- SNO v/ Øyvind Angard, tlf.91 73 33 65, skal kontrollere bygget etter at det er ferdig.

Vi gjer merksam på at søker må ha løyve frå grunneigar og kommunen når det gjeld byggjeløyve, og nasjonalparkstyret og kommunen om ekstra løyve til å frakte inn bygningsmateriell og bygningsavfall ut av området.

Dokument i saka:

- Søknad dagsett 7.juli 2016, frå Skjåk Almenning.
- Brev dagsett 26.09.2016, til Gudbrandsdalsmusea v/Håvard Syse med forespørsel om kulturminnefagleg vurdering av Glitterbua.
- Brev dagsett 27.09.2016, frå Gudbrandsdalsmusea v/Håvard Syse med vurdering av gamle Glitterbua.
- Brev dagsett 22.11.2016, frå Oppland fylkes kommune v/kulturminneavdelinga med vurdering av Glitterbua.
- E-post dagsett 23.12.2016, frå Reinheimen – Breheimen villreinnemnd vurdering av riving/bygging av Glitterbue.

Søknaden vert vurdert i samsvar med:

- Verneforskrift for Breheimen nasjonalpark, dagsett 7.august 2009.
- Naturmangfaldlova, dagsett 19, juni 2009 nr.100.
- Forvaltningsplan for Breheimen nasjonalpark og tilgrensande verneområde.

Søknaden

Skjåk Almenning søker om å få rive den gamle Glitterbua og bygge ny bu på same stad.

Glitterbue er prega av tidens tann og står no for tur for omfattande restaurering. Bua vart sett opp i samband med tamreindrifta til Skjåk Tamreinlag. I boka til T. Hesthagen (Fiske og

fiskekultivering i Skjåk, 2001) står det at dei fyrste fiskarane på Glittervatnet budde i denne bua fire år etter fyrste utsetjinga av fisk i 1916. Ein kan nokså sikkert seie at bua er eldre enn 100 år.

Før den vart restaurert i 2000 var dette berre ei enkel bordhytte der snøen dreiv inn gjennom opne sprikkar. I 2000 vart det ny utvendig bordkledning, men den vart ikkje isolert og det vart heller ikkje gjort noko med golvet. Dette gjer sitt til at forbruket av ved er høgt.

Hytta er meir eller mindre kvadratisk med eit areal på 26,5 m², 4 sengeplassar og ekstra madrassar. Det er kombinert oppholdsrom og soverom i hytta, i tillegg til eit vindfang med ved og utstyr. Innvendig ber den preg av alder, og med små og få glas verkar den litt «tung».

Glitterbue ligg slik til at det er ein lett tur for dei aller fleste om sommaren. Frå Botn sæter er det 3 km og høgdeskilnaden er på litt over 400 høgdemeter, noko som gjer at bua og området rundt er godt tilgjengeleg for alle aldersgrupper. Om vinteren er det noko lengre sidan det ikkje er vinterbrøytt til Botn sæter. Hytta passar best til bruk vår, sommar og tidleg haust. Pga. manglande isolasjon er ikkje hytta eigna for bruk i vinterhalvåret.

Hytta blir brukt av fiskarar, turgårar og jegerar i alle aldrar. Almenninga har naust ved Glittervatnet slik at dei som leiger hytta kan låne båt og fiskegarn om dei vil. Hytta ligg svært sentralt til for dei skal jakte rein og småvilt. Glitterbue er nok den mest populære hytta blant småviltjegerar. Den er også eit glimrande utgangspunkt for fjellturar i området, sommar som vinter. Alle hyttene til Skjåk Almenning er ope for allmenta, og kan leigast på www.inatur.no eller ved å kontakte Skjåk Almenning direkte. Dei ligg også ute på friluftsportalen www.ut.no.

Utleigedøgn for Glitterbue (i tillegg kjem overnattingar i reinsjakta da den står open for alle):

2012: 20 utleigedøgn
2013: 47 utleigedøgn
2014: 57 utleigedøgn
2015: 45 utleigedøgn

Ein ser at utleigedøgna på utleigehyttene har auka dei siste åra, noko som tyder på at fleire vil bruke nasjonalparken. Det enkle friluftslivet appellerer til stadig fleire. Ein ser også ein markert auke i talet på brukarar frå andre land.

Verneforskrift, verneformål og forvaltingsplan

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1 (formål), 4 og 5 (forvaltningsmål for naturtyper, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for offentleg avgjerd, jf. §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, økosystem og samla belastning, kostnadane ved miljøsvekking skal lastast tiltakshavar, og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar). Etter verneforskrift for Breheimen nasjonalpark, er oppføring av varige eller mellombelse bygningar forbode (verneforskrifta § 3 pkt. 1.1) med unntak gjeve i § 3 pkt. 1.3 h.

Føremålet med vernet i nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhangande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap som er utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken bl.a. å:

- ta vare på et høgfjellsøkosystem med eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på leveområde til villreinstamma i Reinheimen-Breheimen villreinområde
- ta vare på en variasjonsrikdomen i geologi med særprega geologiske førekommstar, vegetasjon og landskap
- ta vare på kulturminne

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Når det gjeld bygd areal(BYA) så avvik det frå det som er norma i forvaltningsplanen.

Dette må derfor vurderast etter verneforskrift for Breheimen nasjonalpark, § 4.

I verneforskrift for Breheimen nasjonalpark heiter det mellom anna:

Forvaltningsmyndet kan gje løyve til m.a: - -«riving av gamle bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk.» (§ 3 pkt. 1,3 bokstav h i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark).

Forvaltningsplan: I forvaltningsplanen heiter det mellom anna når det gjeld hytter og bygging:

Forvaltningsmål

Verneområda i Breheimen skal forvaltast slik at eksisterande bygningar kan nyttast som i dag. Bruken av bygningane skal ikkje føre til auka behov for motorferdsle, og auka bruk av hyttene skal ikkje medføre ferdsle i område som er til skade for villrein og andre trua og sårbare artar.

3.5.5 Riving av bygningar og gjenoppføring etter brann eller naturskade osv.

Retningsliner for forvaltning og bruk

Gjenoppføring av bygningar

Etter søknad kan det gjevast løyve til gjenoppføring av bygningar som er øydelagde etter brann eller naturskade. Ny bygning skal i utgangspunktet vere lik den gamle med omsyn til areal og storleik. Nasjonalparkstyret kan stille vilkår om utforming, plassering, funksjon osv.

Så lenge det gjeld gjenoppføring av identisk bygning på same stad (tomt) vil vanleg praksis vere å gje løyve til slike tiltak. Ved handsaming av slike søknader skal det t.d. gjerast ei vurdering kva funksjon bygningen har på staden eller i miljøet.

I særskilte høve, og i samråd med søker, kan endra plassering og/eller utforming av bygningen vurderast dersom omsynet til verneverdiane tilseier det. Hovudregelen er likevel at bygningen skal stå på den opphavlege staden. Sjå også kommentarar til byggeskikk innleiingsvis i kap. 3.5 under «retningsliner for forvaltning og bruk» og kap. 3.5.2 om «Ombygging, mindre utviding av, og tilbygg til bygningar» ovanfor.

Riving av gamle bygningar, anlegg og innretningar

Etter søknad kan nasjonalparkstyret gi løyve til riving av gamle bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk i nasjonalparken og i landskapsvernområda. I tillegg til hytter/stølshus/seterhus kan dette gjelde høyløer, buer og uthus osv. Forholdet gjeld t.d. når bygningen er gammal og ikkje har nokon funksjon lenger, og/eller når forfallet er kome så langt at han ikkje let seg restaurere, eller at han verkar skjemmande i landskapet. Dersom bygningen/konstruksjonen kan vere ein fare for tryggleiken, og berande konstruksjonar eller taket er øydelagt vil det i slike tilfelle kunne gjevast løyve til riving. Nasjonalparkstyret skal hente inn fagleg råd frå kulturminnemyndigheita ved handsaming av søknad.-- .(Nasjonalparkforvaltaren si understrekning)



Glitterbue ligg i austre enden av Glittervatnet, om lag 3 km fra veg om sommaren. 8 km om vinteren.

Planlagt ny hytte

Eksteriør/Uttrykk i landskapet: Glitterbue ligg fantastisk til med flott urøyvd natur og spektakulær utsikt i alle retningar, særleg mot Skridulaupen i vest og Reinheimen i aust. I tillegg er det som nemnt enkel tilkomst og sentralt utgangspunkt for jakt og fiske, med tilgang til naust med båt og garn.


Den nye hytta er teikna med spanande og utfordrande arkitektur. Uttrykket er spesielt og ein har lagt vekt på å forsterke naturinntrykket sett frå inne i bua med større refleksfrie glasflater. Dette skal vera ei bu som er både praktisk, kompakt, moderne og tilpassa landskapet. Samstundes skal ho vera så spesiell at den vekkjer merksemd.

Interiør, materialbruk og storlek: Så langt det lar seg gjera skal hytta byggjast i naturlege og miljøvennlege materialar. Det vil seie lokale råvarer, og helst i tre. Interiør og løysing innvendig er ikkje endeleg bestemt. Rom inndelinga er likevel endeleg med to rom, ein «kald» gang der ved og anna utstyr kan lagrast og eitt oppholdsrom. Talet på sengeplassar skal ikkje utvidast, men det bør vere sengeplass til ein familie i hytta.

Utvendig skal det vera 100% malmfurru frå eigen skog, vidareforedla ved Skjåk Trelast AS. Om den skal behandlast eller ikkje er det ikkje teke stilling til enda. Glasa skal vera matte og ikkje-refleksante. Pipa og delar av veggen mot aust skal forblendast med naturstein.

Konstruksjonsmessig kan den byggjast i element eller massivt tre.

Bruksarealet er sett til 29,6 m² (BRA), medan be bygd areal er 62,5 m² (BYA).



Vurdering

I 2014 søkte Skjåk Almenning Breheimen utviklingsfond om midlar for prosjektering av ny Glitterbu. Det vart i søknaden presisert at med den flotte naturen og fantastiske utsikta, inn i to nasjonalparkar ynskte allmenninga å projektere den nye bua med spanande og utfordrande

arkitektur. Breheimen nasjonalparkstyre løyvde kr. 100 000 av Breheimen utviklingsfond til planlegging av ny bu. Finansieringsplan for bua den gongen var på kr. 1 200 000.

Den gamle bua: Den gamle hytta har vore «lappa på» mange gonger og er merka av «tidens tann». Ho er plassert høgt og fritt i landskapet like innanfor grensa til Breheimen nasjonalpark.



Bilde teke frå riksveg 15 gjennom Billingsdalen, aust for Polsfoss mot Haraldvangsflye. Glitterbue er under pila i horisonten. Nasjonalparkgrensa går i overgangen mellom snaufjell og lauvskog.



Eksisterande Glitterbue mot vest hausten 2016. Skridulaupen 1962 moh.i bakgrunnen.



Glitterbue mot aust hausten 2016. Billingsdalen med Pollvatnet og Øyberget i bakgrunnen.

Dokumentasjon av den gamle bygningen vart sendt distriktskonservator Håvard Syse ved Gudbrandsdalsmusea for bygningshistorisk vurdering. Uttalen hans, dagsett 27.09.2016, i saka var:

Etter det eg ser av oversendt materiale er det ikkje noko stort tap for byggeskikk-arkivet. Den ber preg av oppdatert materialbruk/ fornya. Hovudforma er vel det som festar seg som kanskje kan knyttast til tradisjonell form. BxL, takvinkel og type sval.

Vurdering av verneverdi? Viktig, middels eller liten

-Antikvarisk: liten

-Landskapsmessig: viktig, korleis passar denne inn i landskapet vs ny?

-Bruk: Viktig, men dette endrar seg vel ikkje med ny...


-Historisk: middels/ viktig?

Oppland fylkeskommune v/kulturminneavdelinga uttala seg i brev dagsett

Kulturarvenheten har vurdert saken og vurderer at det ikke vil være behov for ytterligere tillatelse og Befaring av fylkeskommunen for tiltaket. Kulturarvenheten vurderer eksisterende hytte bærer preg av Oppdatert materialbruk og fornyelse, og den antikvariske verneverdien anses for å være redusert. I Denne saken er de landskapsmessige og bruksmessige verneverdiene vel så viktige, om enn ikke mer viktige. Det er viktig at en eventuelt ny hytte tilpasses terrenget på best mulig måte og gjennom materialbruk og uttrykk innpasser seg. En merker seg forskjellen mellom bruksareal og bebygd areal og forstår at dette skyldes arkitektonisk formspråk og tilpasning av inngangsparti og uteplasser i tilknytning til bygningen. Det fremgår ikke av oversendt materiale hvordan sanitærfunksjoner er tenkt løst, og det forutsettes da at eksisterende løsning videreføres.

Bua nærmar seg 100 år i alder. Historikken rundt bruken av bua er godt dokumentert. Skjåk Tamreinlag brukte hytta frå ho var ny. Sidan det vart sett fisk i Glittervatnet vart ho i tillegg brukt av fiskarar. Etter at tamreindrifta vart nedlagt på midten av 1960-talet har Skjåk Almenning brukt bua. Brukargruppene er i dag, som frå starten fiskarar, og i tillegg jegerar under villreinjakta om hausten og rupjegerar. Enkelte friluftslivsfolk leiger hytta for rekreasjon, serleg barnefamiliar sidan det er overkommeleg å gå frå bilveg i Botn og inn til hytta. Allmenninga leiger nå bua ut til almenta likt med andre buer dei har i skog og fjell. Vi viser til bruksfrekvensen over i utleigedøgn i søknaden over.

Bygging av ny hytte: Lokaliteten ligg i randsona til villreinområdet. Det er reinstamma i Reinheimen-Breheimen villreinområde – sørveststamma, som brukar området. Under vintersteljinga med helikopter vart det 21.01.2016 funne 215 dyr i delområdet. Dette er litt under det ein rekna med. Vinterstamma har halde seg på ca. 250 dyr siste åra.



Utsnitt av kart fra Naturbase, Miljødirektoratet. Svarte strekar er villreintrekket, Brunt område er kulturminneområde. Raud firkant Glitterbu.

I naturbasen er det teikna fleire strekar som definerer villreintrekket i austenden av Glittervatnet som går nord – sør. Dette er eit trekk, ikkje fem forskjellige som vist på kartet. Trekket er sporadisk i sumarhalvår, men om vinteren brukar villreinen området til vinterbeite. Ein bør derfor unngå bruk av hytta til utleige i vinterhalvåret fram til påske(slutten av mars månad)når reinen brukar området. Det har vore slik praksis fram til no.

Reinheimen-Breheimen villreinnemnd uttala seg i brev dagsett 23.12.2016:

Glitterbu ligg i randsona til leveområdet for sørveststamma i Reinheimen-Breheimen villreinområde. Under teljinga med helikopter vinteren 2016 vart det funne 215 dyr i delområdet. Dette er litt mindre enn forventa (mål om ca 250 dyr). Denne delstamma er eksponert for relativt mykje menneskeleg aktivitet, særleg blir området sør for Grotli brukt mykje som turområde i periodar av året. Denne delstamma har dei siste åra hatt lågare produktivitet enn dei andre delstammene i vårt område, i 2016 vart det berre delt ut 15 fellingsløyver. For å bremse denne negative utviklinga, er det ekstra viktig å legge til rette for minst mogleg forstyrring vinterstid og i kalvingsperioden.

naturbasen er det teikna fleire strekar som definerer villreintrekket i austenden av Glittervatnet som går nord – sør. Dette er eit trekk, ikkje fem forskjellige som vist på kartet. Trekket er sporadisk i sumarhalvåret, men om vinteren brukar villreinen området til vinterbeite. Ein bør derfor unngå bruk av hytta til utleige i vinterhalvåret fram til påske

(slutten av mars månad). Det har også vore slik praksis fram til no. Dersom arealbruken endrar seg slik at kalvingsområde kjem i nærleiken av bua, bør den i tillegg til vinteren også vere stengd på våren fram til 15. juni. I byggeperioden vil det bli naudsynt med noko transport av byggematerialar. Dette bør ein organisere slik at ein unngår å skremme villrein. Transporten bør da bli gjort med helikopter på sumar/haust.

Bruksarealet på ny bu ex.ope areal er sett til 29,6 m²(BRA), medan bygd areal er 62,5 m² (BYA). Opphaldsrommet er på 22,2m². Det er i tillegg eit overbygg over inngangen, med tak som mot sør går ned mot bakken. Den gamle hytta er på 26,5 m² med 4 sengeplassar. Dvs. at bruksarealet er ca. 3 m² større på ny bu. Det som skil den nye bua frå den gamle i areal er at den nye har ein utradisjonell stil med ein «kappe» over bygningen med forholdsvis langt utstikk. Dette går over heile bua og byrjar med ca. 2 meters høgd frå sørveggen og går opp til

mønet med høgd 3,76 meter før det går ned att til raftet på nordveggen som er ca.2,70 meter. Taket har vifteform som utvidar seg mot nord.

Innvendig er det 2 køysenger, med 4 sengeplassar, som i den gamle bua.

Når det gjeld materialbruken er det gjennomgåande planlagt bruk lokale naturlege materialar. Fyrst og fremst furu med mest mogleg kjerneved (mølme). Dette går att over heile bua. Inventaret er tenkt utført i bjørk. Elles forblending av mur med naturstein. Her er det foreslege Oppdalsskifer, men Allmenningen ser på om det kan nyttast lokal stein (frå utanfor verneområdet) til dette.

Byggjeverksemda vil føre til ein del motorferdsle i området under byggeperioden, spesielt med helikopter.

Dette må skje i barmarksesongen så villreinen blir minst mogleg uroa. Det må søkast nasjonalparkstyret spesielt om dette.

Den gamle bygningen er prega av alder og mange ombyggingar. Den er ikkje vurdert som verneverdig av kulturminnevernmyndet. Nasjonalparkforvaltaren kan heller ikkje sjå at det er andre forhold som tilseier ar bygningen bør bli ståande. Den bør derfor kunne demonterast og fraktast ut av verneområdet.

Den nye bygningen er planlagt på same stad(tomt) og har same funksjon som den gamle, men har eit markert større bygd areal. Tiltaket må derfor vurderast etter den generelle dispensasjonsparagrafen i verneforskrifta, § 4, jf. naturmangfaldlova § 48.

Etter den generelle dispensasjonsparagrafen i verneforskrifta, § 4 kan forvaltingsmyndet gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande. Både vilkåra må vera oppfylt for at det skal kunne gjevast dispensasjon. Dersom vilkåra er oppfylt, følgjer det av § 4, jf. Naturmangfaldlova § 48 at det «kan» gjerast unntak. Ingen har krav på dispensasjon, det er opp til forvaltningsmyndigheita sit skjøn om ein skal gje dispensasjon. Det følgjer av forarbeida til naturmangfaldlova § 48 at terskelen for å gje dispensasjon er høg. Regelen kan ikkje brukast til å utvide rama som er trekt opp i vernevedtaket, den er i utgangspunktet ein sikkerheitsventil som skal fange opp uventa eller spesielle/særskilde tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

Kva som kan kome i stri med verneføremålet, må ein sjå i samanheng med omfanget av tiltaket, arten og plasseringa vurdert opp mot verneføremålet. At dispensasjonsmoglegheita er snever går fram av vilkåra ved at det berre blir gjeve dispensasjon dersom tiltaket ikkje kan «påverke verneverdiane nemnande». Det vil si at dispensasjon berre blir gjeve i dei tilfelle tiltaket vil ha ubetydeleg eller avgrensa verknad for verneverdiane.

I dette tilfelle gjeld saka riving av eksisterande bu og oppføring av ny bu på same stad. Alternativ plassering er vurdert. Ved flytting av bua lenger opp i terrenget mot nord vil ho bli sterkare eksponert i fleire retningar mot aust, sør og vest. Ved flytting lenger ned i terrenget vil den miste mykje av sin funksjon ved at naustet og vatnet blir lengre unna. Plasseringa har også ein kulturhistorisk verdi i forhold til tidlegare funksjon som «reinsbrakke». Den nye bua vil få endra eksteriør. Det er lagt vekt på at linene i utforminga skal gjere at bua går mest mogleg i eitt med terrenget rundt. Den nye bua er litt større enn den gamle i totalt bygd areal, men bruksarealet er forholdsvis likt (+ ca. 3 m²). Med gjevne vilkår i saka meiner ein at hytta ikkje vil ha nemnande verknad på verneverdiane, og ikkje vil gå utover verneformålet.

Det at vilkåra er oppfylt, gjev ikkje søkjaren krav om dispensasjon. Ein må gjera ei konkret vurdering av om ein skal gje dispensasjon, der fordelar og ulemper ved dispensasjonen blir vekta mot kvarandre. I ei konkret skjønsvurdering skal ein m.a. sjå på omfanget, miljøverknaden og kor viktig tiltaket det er søkt om er. Dette gjeld kva som positivt talar for tiltaket og om det vil stri mot verneverdiane om tilsvarande dispensasjonssøknader blir gjeve i framtida (presedens).

Det som talar for å gje dispensasjon er først og fremst at den nye bua er erstatning for den gamle bua som blir reven. Ny bu vil stå på same tomt og ha same funksjon, utan kapasitetsauke i overnatting. Nasjonalparkforvaltaren vil presisere at det er ein klar føresetnad for nybygget at den gamle bua blir reven.

Når det gjeld auka byggareal på den nye bua så er det ikkje vanleg praksis å gje løyve til så stor auke i arealet på buer som denne. Det som talar for det i dette tilfelle er at Skjåk Almenning som den største grunneigaren i Breheimen også samtidig er ein stor aktør når det gjeld utleige av buer. 4 av allmenningar sine buer ligg i nasjonalparken og 3 ligg like inntil grensa. Dei kan samanliknast med Den norsk turistforening Oslo og Omegn (DNT) sine hytter i området. Både desse aktørane er i ei særstilling når det gjeld installasjonar i verneområdet. Bygningane til både aktørane er eit viktige tilbod til friluftslivet, for å få folk ut i naturen. DNT har allereie bygd fleire hytter i ein ny og spanande stil rundt i landet. Dette er fyrste bua i Breheimen nasjonalpark der ein prøver noko nytt når det gjeld arkitektur. Føremålet er å gjere bygningen meir innbydande og auke opplevinga av landskapet frå bua.

Det som talar mot bygging av ei ny bu er om bruksfrekvensen aukar. Meir utleige vil kunne føre til forstyrring av villreinen. Ein meiner å kunne unngå dette ved å setja vilkår om at eksisterande praksis med stenging av hytta i sårbare tidsrom blir vidareført. Dessutan at det ikkje blir kapasitetsauke på sengeplassar.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i lova etter §§ 8 til 12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som vedkjem naturmangfaldet og det skal gå fram av slutninga korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka:

Når det gjeld (nml. § 8) kunnskapsgrunnlaget så er det godt og oppdatert. Det er to forhold ein må ha spesielt fokus på i saka. Det eine er villreinen sin arealbruk i området. Her er NINA rapport 643 – Villrein i Ottadalen – Kunnskapsstaus og leveområde - 2011, lagt til grunn. Dessutan årlege rapportar frå Reinheimen-Breheimen villreinutval, sist Årsrapport for 2015. Elles er naturbasen brukt (jf. kart i saka). For kulturminne er også naturbasen bruk, samt uttaler frå kulturminnemyndet og lokalhistoriske rapportar. Den samla belastninga på økosystemet (nml. §10) i området består av allmenningsbua, to private buer og tre naust. Dette er gamle installasjonar som delvis er restaurerte. Ingen av installasjonane har påverka økosystemet nemnande. Glitterbua ligg heilt i kanten av nasjonalparken med verneområdegrensa like nedanfor. Det går stig forbi hytta og sørover til Framrustsetra, men det mest sårbarer område vestover, på nordsida av Glittervatnet har i dag ikkje merka stigar. Vurderinga av den eksisterande bygningen er at den kan demonterast på grunn av fleire ombyggingar som har svekka verneverdien av den.

Ut ifrå ei samla vurdering meiner ein difor at bua kan erstattast med ein ny bygning. Det er ein føresetnad at talet på faste overnattingsplassar ikkje aukar og fortsatt er på 4 stk. Likeins at det blir teke omsyn til fortsatt avgrensa bruk i vinterhalvåret. Blir desse vilkåra oppfylt er konklusjonen at føre-var-prinsippet ikkje er aktuelt i denne saka. Det er ikkje rekna med fordyrande kostnader ved svekking av miljø i dette tilfelle (nml. §11). I byggeperioden vil det vera aktuelt å bruke helikopter(evt. snøskuter) til å frakte materialar inn og ut frå byggeplassen. Utover det vil det bli frakta ved, gass og søppel som til den gamle bua (nml. §12).

Den gamle bua har lege der i ca. 100 år og i perioden med villrein frå ca. 1965 er det ikkje avdekt negative verknader på landskapet. Sidan overnattingskapasitet ikkje blir endra og same tomt blir brukt vil ikkje økosysyemet bli nemnande endra.

Nasjonalparkforvaltaren meiner at ut ifrå ei samla vurdering vil ikkje tiltaket verken stri mot føremålet med vernevedtaket eller vil påverke verneverdiane nemnande. Det er heller ikkje fare for stor presedensverknad i forhold til andre saker når det gjeld utforminga/bygd areal på den nye utleigehytta for almenta, sidan det er berre to aktørar som driv slik utleige i stor stil i verneområdet. Vilkåra etter § 4, jf. nml. § 48 er derfor oppfylt.

Dei miljørettslege prinsippa er vurdert og konklusjonen er at tiltaket kan gjennomførast på gjevne vilkår.



Breheimen
nasjonalparkstyre

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Skjåk utmarkssenter (v/Skjåk
Almenning), 2690 Skjåk og
Luster kommune,
Kommunehuset, 6868 Gaupne

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 977 37 221
fmopost@fylkesmannen.no
<http://www.nasjonalparkstyre.no/breheimen>

Skjåk Almenning

2690 SKJÅK

Saksbehandler Bjørn Dalen

Vår ref. 2016/4787-14 432.3

Dykker ref.

Dato 03.10.2017

Sak - 3. gongs handsaming - Breheimen nasjonalpark - Riving av gamle Glitterbu og bygging av ny bu - Skjåk Almenning.

Vi viser til søknad dagsett 07.07.2016.

Breheimen nasjonalparkstyre hadde møte 14.09.2016. I møte vart søknaden handsama. Vedlagt dette brevet ligg sak nummer 30/2017 frå Breheimen nasjonalparkstyre. Vi viser til vedlagde utskrift frå saksprotokoll.

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 14.09.2017

Birgit Bilstad melde seg ugild ved handsaming av saka.

Det vart gjort framlegg om å stryke dei to setningane.. «I tillegg skal den bli stengt på kort varsel om vinteren når det er villrein i området. Dette gjeld stenging iht. kommersiell verksemd, ikkje forvaltningsoppgåver.»

Vidare vart det gjort framlegg om å korte ned perioden før evaluering av ordninga med stenging av Glitterbu frå 5 til 3 år.

Vedtak

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek og gje Skjåk Almenning, 2690 SKJÅK, løyve til og rive den gamle Glitterbua, og byggje ny bu på same stad på Haraldvangsflya i Breheimen nasjonalpark. Løyvet er gjeve på visse vilkår:

Vedtaket er fatta med heimel i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark, § 3 pkt. 1,3 bokstav h og § 4, jf. naturmangfaldlova § 48.

Vilkår

- Grunnflata på ny bu skal ikkje overstige 62,5 m² (BYA).
- Bruksarealet skal ikkje overstige 29,6 m² (BRA).
- Mønehøgda frå sole til toppen av mønet må ikkje overstige 3,70 meter.
- Takvinkel skal vera 15 grader.
- Det skal monterast refleksfrie vindauge.
- Det skal brukast kledning og tak i materialar og med fargar som harmonerer med terrenget rundt.

Nasjonalpark

Breheimen

Naturreservat

Høyrokampen

Landskapsvernområde

Strynefjellet, Mysubytta, Høydalen, Mørkridsdalen, Vigdalen



-
- All material som blir til overs, byggavfall, og utstyr/restar frå det gamle bygget skal frakast ut av verneområdet etter ferdigstilling av nytt bygg. Dette gjeld ikkje materialrestar av reint treverk som kan brukast til ved.
 - Bygget skal ferdigstilla innan år 2019.
 - Det kan vera inntil 4 faste sengeplassar i hytta.
 - Glitterbu må vere stengt i perioden 1. april til 15. juni.
Ordninga med stenging av Glitterbu skal evaluerast etter 3. år frå tidspunktet når utelege av den nye hytta startar.

SNO v/ Øyvind Angard, tlf. 91 73 33 65, skal kontrollere bygget etter at det er ferdig.

Vi gjer merksam på at søker må ha løyve frå grunneigar og kommunen når det gjeld byggjeløyve, og nasjonalparkstyret og kommunen for ekstra løyve til å frakte inn bygningsmateriell og bygningsavfall ut av området.

Klage


Nasjonalparkstyret sitt vedtak er eit enkeltvedtak etter kap. V i Lov om behandling i forvaltingssaker (forvaltningslova) dagsett 17. desember 1967. I medhald av kap. VI i forvaltningslova er det klagerett på Nasjonalparkstyret sitt vedtak, jf. fvl. § 28 første leddet. Ei eventuell klage skal stilast til Miljødirektoratet. Klaga skal sendast til Breheimen nasjonalparkstyret for v/Fylkesmannen i Oppland, Postboks 987, 2626 Lillehammer, innan tre (3) veker etter at dette brevet er motteke, jf. fvl. § 29 første leddet.

Med helsing
Marit Aakre Tennø
Leiar i Breheimen nasjonalparkstyre


Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi pr. e-post til:


Skjåk kommune	Moavegen 30	2690	Skjåk
Fylkesmannen i Oppland	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
Øyvind Angard			
Reinheimen - Breheimen villreinutvalg			
Reinheimen - Breheimen villreinnemnd			




Fasade nord



Fasade aust



Fasade vest




Fasade sør

C:\Users\guro.NORDPLAN\OneDrive - Nordplan AS\Skrivebord\Loftleffen\Gallerie\alternativ 3.vt


Revisjon	Revisjonsstekst	Rev. av	Rev. dato
L	LARK		
V	VVS		
F	Brann		
E	Elektro		
B	Byggeteknikk		
A	Arkitekt		
Fagkode	Fag	Aktør	
nordplan			
arkitektur			
konstruksjon			
landskap			
Tiltakshavar	Skjåk Almenning		
Tiltak	Glitterbue - alternativ 3		
Teikna av:			
Teikna av: Fasadar			
GL			
Sist kontrollert:			
Sjekkliste:			
Teikning type:			
Skisse			
Kommune:			
Gardsnr:			
Bruksnr:			
Festen:			
Mål	Prosj.nr.	Teikn.nr.	Ark
1 : 50		A46.20	A3
Rev			




				 arkitektur konstruksjon landskap	Kontaktinformasjon: Nordplan AS epost: post@nordplan.no	Tiltakshavar Skj�k Almenning Tiltak Glitterbue - alternativ 3	Teikning av Illustrasjoner utvendig	Teikning type Skisse
Revision	Revisionstekst	Rev. av	Rev. dato			Teikna av: Author	Sist kontrollert: Checker	Sjekkliste: M�l Prosj.nr. Teikn.nr. A80.01 Ark Rev




Fasade nord



Fasade aust



Fasade vest




Fasade sør


Revisjon	Revisjonsstekst	Rev. av	Rev. dato
L	LARK		
V	VVS		
F	Brann		
E	Elektro		
B	Byggeteknikk		
A	Arkitekt		
Fagkode	Fag	Aktør	
nordplan			
arkitektur			
konstruksjon			
landskap			
Tiltakshavar	Skjåk Almenning		
Tiltak	Glitterbue - alternativ 2		
Teikna av:			
Teikna av: Fasadar			
GL			
Sist kontrollert:			
Sjekkliste:			
Teikning type:			
Skisse			
Kommune:			
Gardsnr:			
Bruksnr:			
Festen:			
Mål	Prosj.nr.	Teikn.nr.	Ark
1 : 50		A46.20	A3
Rev			



Revisjon	Revisjonstekst	Rev. av	Rev. dato	nordplan arkitektur konstruksjon landskap	Kontaktinformasjon: Nordplan AS epost: post@nordplan.no	Tiltakshavar Skjæk Almenning Tiltak Glitterbue - alternativ 2	Teikning av Illustrasjoner utvendig	Teikning type Skisse	Mål	Prosj.nr.	Teikn.nr. A80.01	Ark A3	Rev
----------	----------------	---------	-----------	-----------------------------------------------------------	---------------------------------------------------------------	----------------------------------------------------------------------------	----------------------------------------	-------------------------	-----	-----------	---------------------	-----------	-----



Revisjon	Revisjonstekst	Rev. av	Rev. dato
----------	----------------	---------	-----------



Revisjon | Revisjonstekst | Rev. av | Rev. dato

V	VVS	
F	Brann	
E	Elektro	
B	Byggeteknikk	
A	Arkitekt	
Fagkode	Fag	Aktør

nordplan
arkitektur
konstruksjon
landskap

P-202121098 Skjæk Almenning/00 Glitterbue, Skjæk Almenning/BM/Glitterbue, alternativ 3.vd

Tiltakshavar
Skjæk Almenning

Tiltak
Glitterbue - alternativ 3

Teikning av	Plan 1	Teikna av:
		GL
		Sist kontrollert:

Teknisk kontrollert:
Skisse

Mål	Prosj.nr.	Teikn.nr.	Ark	Rev
1 : 50		A21.01	A4	



STATSFORVALTEREN I INNLANDET BREHEIMEN NASJONALPARK
Postboks 987

2604 LILLEHAMMER

Deres ref:

Vår ref:
2022/14587-2
Ståle Hagen-Pesch

Dato:
28.09.2022

Uttale i forbindelse med søknad om oppføring av ny Glitterbue i Breheimen nasjonalpark

Seksjon for Kulturarv/Innlandet fylkeskommune mottok den 02.09.2022 forespørsel om byggeskikk i forbindelse med riving og gjenoppbygging av Glitterbue.

Viser til innsendte bilder og tegninger. Vi vil oppfordre til å tilnærme seg den opprinnelige Glitterbue i uttrykk. Av de tegningene som er lagt ved er Glitterbue alternativ 2 det som etter vår vurdering passer best inn. Det andre alternativet har for mange vinduer. Vi ønsker oss noe mindre takutstikk da dette ikke passer med de andre byggene i området. Bygningen bør fortsatt se ut som ei bu og ikke ei hytte. Plassering av bua har vi ingen kommentar til da det ikke påvirker kulturminnehensyn i denne saken. Vi råder ellers til å følge retningslinjene i kapittel 3.5 i forvaltningsplanen for verneområdene i Breheimen.

Med vennlig hilsen

Torill Skillingsaas Nygård
Enhetsleder

Ståle Hagen-Pesch

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.



Arkivsaksnummer: 2022/11260-5

Saksbehandlar:

Stein Magne Grevrusten

Dato: 15.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	29/22	22.11.2022

Breheimen nasjonalparkstyre - Midlar til drift av nasjonalparkstyret - 2023.

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre godkjenner forslaget til budsjett for året 2023. Budsjettet blir lagt inn i elektronisk søknadssenter (ESS) innan fristen den 10. januar 2023. Sekretariatet får fullmakt til å gjera mindre endringar på budsjettet dersom dette viser seg nødvendig fram mot innmeldingsfristen. Sekretariatet orienterer styreleiar om eventuelle endringar i budsjettet fram mot innmeldingsfristen.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Rammer og opplegg for statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurser i verneområder – 2023 (side 4). Miljødirektoratet, datert 03.11.2022.

Saksopplysningar

Det kan søkast om midlar til drift av nasjonalpark- og verneområdestyra, og midlar til arbeid med forvaltningsplanar og skjøtselsplanar. Ved søknad om midlar til drift av nasjonalpark- og verneområdestyra må det setjast opp eit budsjett som viser forventa utgifter til reise- og møtegodtgjering for styremedlemmane, samt evt. reiseutgifter for medlemmar av rådgjevande utval.

Ved søknad om midlar til dekking av utgifter i forbindelse med utarbeiding av forvaltningsplanar, besøksstrategiar og skjøtselsplanar, kan det søkjast om midlar til

utgifter som eks. naudsynte kartleggingar, møter og liknande.

Inntil styra eventuelt har oppretta eige organisasjonsnummer og bankkonto blir midlane tildelt fylkesmannen, men blir disponert av nasjonalpark- /verneområdestyra.

Forslag til budsjett til drift av styret og evt. midlar til forvaltningsplanarbeid for 2023 skal leggjast inn i elektronisk søknadssenter / Miljødirektoratet innan fristen den 10. januar 2023.

Vurdering

Det blir i 2023 teke høgde for at det blir gjennomført 4 fysiske styremøte, 2 telefonmøte og 1 e-postbehandling. I tillegg blir det teke høgde for at det blir gjennomført møte i rådgjevande utval.

Kostnadene til drift av Breheimen nasjonalparkstyre for 2023 er som følgjer:

Estimat av totalt antall møter og kostnad for drift av Breheimen nasjonalparkstyre 2023					
Type møte	Antall møter	Varighet timer	Forberedelse timer	Ant. Deltagere	Kostnad totalt
Styremøte	4	6	4	6	161 624
E-postmøte	1	0	1	6	2 778
Telefonmøte	2	2	2	6	11 112
Overnatting befaring/møte x 2 pr styremedlem a 2000,-					24 000
Studietur kompetanseheving					0
Andre møter / uforutsette utgifter					10 000
Sum:					209 514
Andre tillegg		Varighet timer	Godtgjørelse pr time	Ant. Deltagere	
Rådgivende utvalg 12 pers. x 2500,- i reise og mat.			12	30 000	
Nasjonalparkkonferanse. 6 pers.: 12t/2dg				0	
Reise snitt 1500,- x 6 pers.				0	
Overnatting x 6 styremedlem a 2000,-				0	
Totalt reise- og møtegodtgjørelse Breheimen nasjonalparkstyre 2023:					239 514

Tidlegare forbruk drift Breheimen nasjonalparkstyre er som følgjer:

- 2021: 199.000,-
- 2020: 179.000,-
- 2019: 153.000,-

Kostnaden for gjennomføring av eitt styremøte er basert på følgande utrekning:

Estimert kostnad for ett styremøte for 6 styremedlemmer i 2023					
	Snitt antall timer	Godtgjørelse pr time	Pr. pers.	Gjeldende antall pers.	Totalt pr. møte.
Leie av møterom					2 000
Mat og drikke			300	10	3 000
Reiseregning			750	6	4 500
Møtegodtgjørelse	6	499	2 994	5	14 970
Møtegodtgjørelse selvstendig næringsdrivende	6	0	0	0	0
Refusjon tapte inntekter arbeidsgiver	6	0	0	0	0
Møtegodtgjørelse styreleder	6	660	3 960	1	3 960
Forberedelsestid	4	499	1 996	6	11 976
Kostnad pr møte:					40 406

Kommentar: Godtgjersle er basert på satsane frå 2022. Budsjettet blir oppdatert med nye satsar når desse er klare.

Planarbeid

I løpet av 2023 skal det lagast ein skjøtselsplan for Høyrokampen naturreservat. I tillegg er det sett opp midlar for gjennomføring av møter med bl.a. reiselivet i forbindelse med besøksstrategien.

Utgifter til kartlegging, annonser og trykking av planer					
		Kartlegging	Annonser	Trykking m.m.	Møter/Annet
Besøksstrategi Breheimen nasjonalpark		0	5 000	0	20 000
Skjøtselsplan for Høyrokampen naturreservat		75 000	5 000	0	3 000
		0	0	0	0
Sum		75 000	10 000	0	23 000
Kostnad totalt:				108 000	



Arkivsaksnummer: 2022/11260-2

Saksbehandlar:

Stein Magne Grevrusten

Dato: 14.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	30/22	22.11.2022

Breheimen nasjonalparkstyre - Prioritering av tiltak og midlar - SNO-ressurs - 2023.

Innstilling frå forvaltar

1. Breheimen nasjonalparkstyre sluttar seg til at det blir søkt om tiltaksmidlar for 2023 via Miljødirektoratets elektronisk søknadssenter (ESS) i tråd med tiltaksplanen i saka. Endeleg prioritering av tiltak blir gjort i bestillingsmøte 2 i februar/mars 2023, etter tildeling av midlar frå Miljødirektoratet.

Sekretariatet får fullmakt til å gjera mindre endringar på tiltaksplanen dersom dette viser seg nødvendig fram mot innmeldingsfristen den 10. januar 2023. Sekretariatet orienterer styreleiar om eventuelle endringar i tiltaksplanen fram mot innmeldingsfristen.

2. Breheimen nasjonalparkstyre tek skjema om SNO-ressurs til orientering. Nasjonalparkstyret vil påpeike at det er viktig at verneområda i Breheimen får tildelt ressursar til oppsyn på linje med tidlegare år.

[--- slutt på innstilling ---](#)

Dokument i saka

- Brev datert 02.11.2022 frå Miljødirektoratet - Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer - Inn melding av behov for midler til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurs i verenområder – 2023.
 - Strategi for bruk av midler til tiltak 2020-2025
 - Skjema for innspill om ønsket SNO-ressurs

Saksopplysningar

Tiltaksplanen skal evaluerast kvart år og dette framlegget til tiltaksplan er forankra i Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen, Skjøtselsplan for Høydalens landskapsvernombord, Skjøtselsplan for Vigdalen landskapsvernombord, Skjøtselsplan for Mysubytta landskapsvernombord og Skjøtselsplan for Mørkridsdalen landskapsvernombord.

Framlegget til tiltaksplan 2023 er m.a. basert på erfaringar sekretariatet har med gjennomførte tiltak i 2022. Dette er altså ei liste over tiltak som sekretariatet ønskjer skal bli utført i løpet av 2023. Under saksførebuinga har det vore god dialog mellom forvaltarane og lokalt SNO i Breheimen, med bl.a. møte på Teams den 14. november, og elles jamleg kontakt knytt til gjennomføring og planlegging av tiltak (sjå vedlegg).

Gjennom tiltaksplanen melder nasjonalparkstyret inn behov for midlar til gjennomføring av tiltak i verneområda i 2023. Frist for innmelding i elektronisk søknadssenter er 10. januar 2023. Midlar til tiltak i verneområda er statlege investeringsmidlar som vert løyvd over post 1420.31 for å betre naturtilstanden i verneområda. I brevet frå Miljødirektoratet står det bl.a.:

Midlane går til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgreiingar som er naudsynte før tiltak, informasjonstiltak og skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjengenget i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlane nyttast òg til informasjonstiltak i alle typar av verneområde i samband med ny merkevare for Noregs nasjonalparkar og til utarbeiding av besøksstrategiar for nasjonalparkar og andre verneområde med store besøkstal eller særskilde utfordringar. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltings-/skjøtselsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.

Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetens egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l.) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene.

For å kunne ivareta verneverdiene innenfor verneområder, vil det av og til være nødvendig å gjennomføre tiltak også utenfor verneområdene. Dette betinger samarbeid og avtale med grunneiere. Et eksempel på et slikt tiltak er når uttak av fremmede arter innenfor og utenfor vernegrensene må sees i sammenheng for at tiltaket skal få optimal effekt.

For å oppnå en god forvaltning av verneområder, kan det være nødvendig med generelle naturkartlegginger, sårbarhetsvurderinger, brukerundersøkelser, utarbeidelse av forvaltnings- og skjøtselsplaner, overvåking og utarbeidelse av nettsider o.a. Slike tiltak finansieres ikke over kap./post 1420.31, men over andre budsjettposter.

Heimelsgrunnlag


Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark med tilhøyrande verneområde til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

Vurdering

Skjøtsel

